



# Innkalling av Utval for helse og omsorg

**Møtedato:** 06.09.2022  
**Møtestad:** Helsehuset, møterom Nordhordland  
**Møtetid:** 09:30 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

**Synfaring:**

Frammøte v/Esso-stasjonen på Mjåtveit kl. 9.30.

Møtestart Helsehuset kl. 12.00.

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
029/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
030/22	Godkjenning av møteprotokoll 31.05.2022
031/22	Høring - handlingsplan mot vald i nære relasjonar
032/22	Byggeprogram - bufellesskap
033/22	Kommuneplanen sin arealdel for Alver - Planprogram på høring
034/22	Meldingar til utval for helse og omsorg

29. august 2022

Ståle Juvik Hauge  
møteleiar

Arthur Kleiveland  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 17.08.2022

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
029/22	Utval for helse og omsorg	06.09.2022

### **Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 01.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/22	Utval for helse og omsorg	06.09.2022

**Godkjenning av møteprotokoll 31.05.2022**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Vedlegg i saken:**

03.06.2022      Protokoll - Utval for helse og omsorg - 31.05.2022      1749764



# Møteprotokoll for Utval for helse og omsorg

**Møtedato:** 31.05.2022  
**Møtestad:** Helsehuset, møterom Nordhordland  
**Møtetid:** 09:00 - 15:00

Utvalet var på synfaring på Lindås før ordinært møte.

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Ståle Juvik Hauge	AP	Utvalsleiar
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP	Nestleiar
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Roy Bø – permisjon frå 12.00 og resten av møtet	UAVH	Medlem

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Thore Helland	SP	Medlem
Alexander Helle	R	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstatter medlem</b>
Øystein R. Moldeklev – erstatta Roy Bø frå 12.00 og resten av møtet	FRP	Roy Bø-UAVH – permisjon frå 12.00 og resten av møtet

---

## **Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Ørjan Raknes Forthun-kommunedirektør, Leni Dale-kommunalsjef helse og omsorg, Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling, Line M. Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og prosjekt, Bernt Fjordheim-tenesteleiar habiliteringstenester, Kari Hesjeal-avdelingsleiar Forvaltningskontoret, Helge Kvam- Fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg, Trond Engelsen-prosjektleiar Eigedomsforvaltning, Arthur Kleiveland-møtesekretær

---

Det møtte 6 av 8 medlemmar i utvalet.

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
022/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
023/22	Godkjenning av møteprotokoll 03.05.2022
024/22	Detaljregulering for Holme- Offentleg ettersyn og høyring
025/22	Byggeprogram - bufellesskap
026/22	Etablering av helsefellesskap - overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1
027/22	Revisjon av retningslinjer for følgjebevis
028/22	Meldingar til utval for helse og omsorg 31.05.2022

## **022/22: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

### **Utval for helse og omsorg 31.05.2022:**

#### **Behandling:**

Utvalet godkjende samrøystes innkalling og saksliste.

#### **HO- 022/22 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

## **023/22: Godkjenning av møteprotokoll 03.05.2022**

Møteprotokollen vert godkjent.

### **Utval for helse og omsorg 31.05.2022:**

#### **Behandling:**

Utvalet godkjende samrøystes protokoll for møte 03.05.2022.

#### **HO- 023/22 Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

## **024/22: Detaljregulering for Holme- Offentleg ettersyn og høyring**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

### **Eldreråd 30.05.2022:**

#### **Behandling:**

Ingrid Raniseth-rådgjvar Planforvaltning orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

Eldrerådet ser positivt på bustadprosjektet/detaljregulering på Holme.  
Rådet meiner at det med fordel bør vera universell tilkomst for meir enn 50 prosent av bustadane.  
Rådet oppmodar også om å tilpassa og tilrettelegga bustadprosjektet til det grønne skiftet og til nasjoale krav som ein ser vil koma - det kan t.d. vera bruk av solcellepanel.

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale.

#### **ER- 021/22 Vedtak:**

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:  
Eldrerådet ser positivt på bustadprosjektet/detaljregulering på Holme.  
Rådet meiner at det med fordel bør vera universell tilkomst for meir enn 50 prosent av bustadane.  
Rådet oppmodar også om å tilpassa og tilrettelegga bustadprosjektet til det grønne skiftet og til nasjoale krav som ein ser vil koma - det kan t.d. vera bruk av solcellepanel.

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:**

##### **Behandling:**

Fellesframlegg v/Magne Bjørndal:

Slik prosjektet vert skildra i saksutgreiinga, kan ein med relativt enkle middel syta for at alle bueiningane vert universelt uforma. RMNF meiner det i den vidare prosessen må stillast krav om dette. Vidare må alle bueiningane ha tilgang til å lade elbil.

Framlegget vart samrøystes vedteke

#### **RMNF- 024/22 Vedtak:**

Slik prosjektet vert skildra i saksutgreiinga, kan ein med relativt enkle middel syta for at alle bueiningane vert universelt uforma. RMNF meiner det i den vidare prosessen må stillast krav om dette. Vidare må alle bueiningane ha tilgang til å lade elbil.

#### **Ungdomsråd 30.05.2022:**

##### **Behandling:**

#### **UR- 020/22 Vedtak:**

Ungdomsrådet tek saka til orientering

#### **Utval for helse og omsorg 31.05.2022:**

##### **Behandling:**

Ingen merknader - samrøystes

## **HO- 024/22 Vedtak:**

Utvalet har ingen merknader.

## **025/22: Byggeprogram - bufellesskap**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek byggeprogram for nytt bufellesskap for menneske med utviklingshemming slik det ligg føre i saka.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:**

#### **Behandling:**

Line Valle-tenesteleiar Egedomsforvaltning og Prosjekt, og Bernt Fjordheim-tenesteleiar Rehabilitering orienterte og svarte på spørsmål.

#### Framlegg frå Reidar Knutsen:

RMNF kan ikkje støtta bygging av bufellesskap for 5-6 bebuarar i Skarsvegen 29. Tomta synest lite egna for bufellesskap, og det er ikkje ei god løysing å samlokalisera bebuarar med dei utfordringane administrasjonen beskriv. Bustadar for menneske med utviklingshemming bør ligge i normale bustad-miljø med utsikt og lys, gjerne sentralt, og i alle fall ikkje ha institusjonspreg. Om ein bebuar treng spesiell skjerming, bør det løysast gjennom lokalisering og tilpassing innanfor eit normalt bustad-miljøet. Ein bør ikkje samlokalisera mange bebuarar med utfordrande åtferd og behov for skjerming. Kanskje er einebustad då det beste, i alle fall ikkje saman med nokon som er sensitive mot lyd eller kan bli ekstra redde og usikre ved utfordrande åtferd frå naboane. Det er mykje viktigare å sikra ei god løysing for bebuarane som gjerne skal bu der resten av livet, heller enn å følge opp det administrative vedtaket frå Lindås kommune om å kjøpa Skarsvegen 29, og påstandane om stordriftsfordelar og om at alternative vil gje betydeleg utsetjing. NFU har heile tida våre imot bufellesskapet i Skarsvegen 29, og forskning tilbakeviser påstandane om stordriftsfordelar og sosiale fordelar ved store bufellesskap. Dersom ein mindre sentral lokasjon likevel blir valt, rangerer RMNF Kvamsvegen høgast, framfor Moldekleiv.

Under avrøystinga vart framlegget frå Reidar Knutsen sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg:

Framlegget frå Reidar Knutsen vart vedteke med 6 røyster (Sølvi Knutsen-Sp, Reidar Knutsen, Magne Bjørndal, Liv Erstad, Edith Jørgenvik, Svein Arne Vabø) mot 1 røyst (Jannicke Helland). Else Marie Dale-Krf tek saka til orientering.

### **RMNF- 030/22 Vedtak:**

#### **Uttale i RMNF - 30.05.2022:**

RMNF kan ikkje støtta bygging av bufellesskap for 5-6 bebuarar i Skarsvegen 29. Tomta synest lite egna for bufellesskap, og det er ikkje ei god løysing å samlokalisera bebuarar med dei utfordringane administrasjonen beskriv. Bustadar for menneske med utviklingshemming bør ligge i normale bustad-miljø med utsikt og lys, gjerne sentralt, og i alle fall ikkje ha



institusjonspreg. Om ein bebuar treng spesiell skjerming, bør det løysast gjennom lokalisering og tilpassing innanfor eit normalt bustad-miljøet. Ein bør ikkje samlokalisera mange bebuarar med utfordrande åtfærd og behov for skjerming. Kanskje er einebustad då det beste, i alle fall ikkje saman med nokon som er sensitive mot lyd eller kan bli ekstra redde og usikre ved utfordrande åtfærd frå naboane. Det er mykje viktigare å sikra ei god løysing for bebuarane som gjerne skal bu der resten av livet, heller enn å følge opp det administrative vedtaket frå Lindås kommune om å kjøpa Skarsvegen 29, og påstandane om stordriftsfordelar og om at alternative vil gje betydeleg utsetjing. NFU har heile tida våre imot bufellesskapet i Skarsvegen 29, og forskning tilbakeviser påstandane om stordriftsfordelar og sosiale fordelar ved store bufellesskap. Dersom ein mindre sentral lokasjon likevel blir valt, rangerer RMNF Kvamsvegen høgast, framfor Moldekleiv.

## **Utval for helse og omsorg 31.05.2022:**

### **Behandling:**

Line M. Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og prosjekt og Bernt Fjordheim-tenesteleiar habiliteringstenester orienterte og svara på spørsmål.

May-Irene Wergeland-SP sette på vegne av AP, SP og KRF fram følgjande framlegg til uttale: Prosjektet Bufellesskap i Skarsvegen 29 leggst vekk i sin heilskap. Vi bed administrasjonen koma attende med ei utgreiing av tomtealtalternativa på Erstad og Moldekleiv. Desse vurderast opp mot einannan ut frå desse premissane:

- avstand til naboar
- avstand til trafikkert veg
- avstand til butikk/senter
- støy/uro
- soltilhøve for tomtane slik dei ligg i dag utan bebygging
- moglegheiter for uteaktivitetar/hage tilpassa ulike brukarar
- plass til parkering for bebuarar, gjestar og tilsette
- storleik på tomten

Administrasjonen kjem attende med politisk sak om val av tomt

Fellesframlegget frå M.I.Wergeland vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg. Wergeland sitt framlegg fekk 6 røyster og vart samrøystes vedteke (det var seks medlemmar i utvalet i dette møtet).

### **HO- 025/22 Vedtak:**

*Prosjektet Bufellesskap i Skarsvegen 29 leggst vekk i sin heilskap. Vi bed administrasjonen koma attende med ei utgreiing av tomtealtalternativa på Erstad og Moldekleiv. Desse vurderast opp mot einannan ut frå desse premissane:*

- avstand til naboar
- avstand til trafikert veg
- avstand til butikk/senter
- støy/uro

- soltilhøve for tomtane slik dei ligg i dag utan bebygging
- moglegheiter for uteaktivitetar/hage tilpassa ulike brukarar
- plass til parkering for bebuarar, gjestar og tilsette
- storleik på tomten

Administrasjonen kjem attende med politisk sak om val av tomt.

## **026/22: Etablering av helsefelleskap - overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre sluttar seg til framlegg til revidert Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1 – overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefelleskapet jamfør vedlegg.

### **Eldreråd 30.05.2022:**

#### **Behandling:**

Kommunedirektør Ørjan Raknes Forthun orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg til uttale:

Eldrerådet i Alver sluttar seg til framlegg til revidert *Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1 – overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefelleskapet.*

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale.

### **ER- 022/22 Vedtak:**

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:

Eldrerådet i Alver sluttar seg til framlegg til revidert *Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1 – overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefelleskapet.*

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:**

#### **Behandling:**

Orientering til saka v/Ørjan Raknes Forthun-kommunedirektør  
Rådet har ingen merknader til saka, samrøystes.

### **RMNF- 027/22 Vedtak:**

Rådet har ingen merknader til saka.

## **Utval for helse og omsorg 31.05.2022:**

### **Behandling:**

Kommunedirektør Ørjan Raknes Forthun orienterte og svarte på spørsmål.

Utvalet slutta seg samrøystes til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

### **HO- 026/22 Vedtak:**

Utvalet kjem med følgjande innstilling:

Alver kommunestyre sluttar seg til framlegg til revidert Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1 – overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefelleskapet jamfør vedlegg.

## **027/22: Revisjon av retningslinjer for følgjebevis**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for helse og omsorg vedtek framlegget til reviderte retningslinjer for følgjebevis. Aldersgrensa for tildeling av følgjebevis er 8 år. Unntak kan gjerast i særskilte tilfelle.

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:**

### **Behandling:**

Framlegg frå Reidar Knutsen:

RMNF bed Alver kommune om å fjerne nedre aldersgrense for følgjebevis. Saksutgreiinga frå administrasjonen får ikkje fram at følgjebevis også er viktig for familiane. Sjølv om barn under 8 år oftast ikkje kan reise eller delta aleine, kan likevel situasjonen være veldig annleis for barn med nedsett funksjonsevne. Kanskje må begge foreldre være med dei to barna slik at ein kan gå av bussen med det eine barnet, ut av kinoen osv. når barnegråt, annan støy, lukt, varme eller totalsituasjonen gir overbelastning - gå ut av køen når det blir uuthaldeleg å stå der. Det kan bety noko økonomisk når begge foreldre alltid må være med, særleg sidan foreldra gjerne ikkje klarar å være i full jobb begge, når eit barn har betydeleg funksjonsnedsetting. Brukarorganisasjonane er samstemte om at aldersgrensa bør fjernast (ref. høyringssvar frå SAFO, FFO og Unge Funksjonshemmede i 2021). Om lag halvparten av barna bur i kommunar utan aldersgrense, sidan fleire av de store ikkje har dette, mellom anna Oslo, Trondheim, Drammen og Stavanger. I Vestland kan Alver heller være pådrivar enn å venta på Bergen i denne saka. Om aldersgrensa likevel ikkje vert fjerna, bør den i alle fall reduserast slik mellom anna Tromsø og Kristiansand har gjort. RMNF bed om at retningslinjene vert språkvaska før ferdigstilling, f.eks. skrive "barn med funksjonsnedsetting" og ikkje "funksjonshemmede barn".

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **RMNF- 028/22 Vedtak:**

RMNF bed Alver kommune om å fjerne nedre aldersgrense for følgjebevis. Saksutgreiinga frå

administrasjonen får ikkje fram at følgjebevis også er viktig for familiane. Sjølv om barn under 8 år oftast ikkje kan reise eller delta aleine, kan likevel situasjonen være veldig annleis for barn med nedsett funksjonsevne. Kanskje må begge foreldre være med dei to barna slik at ein kan gå av bussen med det eine barnet, ut av kinoen osv. når barnegråt, annan støy, lukt, varme eller totalsituasjonen gir overbelastning - gå ut av køen når det blir uuthaldeleg å stå der. Det kan bety noko økonomisk når begge foreldre alltid må være med, særleg sidan foreldra gjerne ikkje klarar å være i full jobb begge, når eit barn har betydeleg funksjonsnedsetting. Brukarorganisasjonane er samstemte om at aldersgrensa bør fjernast (ref. høyringssvar frå SAFO, FFO og Unge Funksjonshemmede i 2021). Om lag halvparten av barna bur i kommunar utan aldersgrense, sidan fleire av de store ikkje har dette, mellom anna Oslo, Trondheim, Drammen og Stavanger. I Vestland kan Alver heller være pådrivar enn å venta på Bergen i denne saka. Om aldersgrensa likevel ikkje vert fjerna, bør den i alle fall reduserast slik mellom anna Tromsø og Kristiansand har gjort. RMNF bed om at retningslinjene vert språkvaska før ferdigstilling, f.eks. skrive "barn med funksjonsnedsetting" og ikkje "funksjonshemmede barn".

### **Eldreråd 30.05.2022:**

#### **Behandling:**

Kari Hesjedal-avdelingsleiar Forvaltningskontoret orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg til uttale:

*Eldrerådet sluttar seg til reviderte retningslinjer for følgjebevis. Aldersgrensa for tildeling av følgjebevis er 8 år. Unntak kan gjerast i særskilte tilfelle. Unntak må behandlast fleksibelt.*

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale.

#### **ER- 023/22 Vedtak:**

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:

Eldrerådet sluttar seg til reviderte retningslinjer for følgjebevis. Aldersgrensa for tildeling av følgjebevis er 8 år. Unntak kan gjerast i særskilte tilfelle. Unntak må behandlast fleksibelt.

### **Utval for helse og omsorg 31.05.2022:**

#### **Behandling:**

Kari Hesjedal-avdelingsleiar Forvaltningskontoret orienterte i saka og svara på spørsmål.

Ståle Hauge-AP sette fram følgjande framlegg:

*Utval for helse og omsorg vedtek framlegget til reviderte retningslinjer for følgjebevis på følgjande vilkår:*

*Avgrensing i aldersgrensa for tildeling av følgjebevis fjernast og at retningslinjene oppdaterast av administrasjonen etter dette vedtaket.*

Framlegget frå S. Hauge vart samrøystes vedteke.

#### **HO- 027/22 Vedtak:**

Utval for helse og omsorg vedtek framlegget til reviderte retningslinjer for følgjebevis på følgjande vilkår:

Avgrensing i aldersgrensa for tildeling av følgjebevis fjernast og at retningslinjene oppdaterast av administrasjonen etter dette vedtaket.

## **028/22: Meldingar til utval for helse og omsorg 31.05.2022**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tatt til orientering.

### **Utval for helse og omsorg 31.05.2022:**

#### **Behandling:**

Det vart lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

- Bernt Fjordheim-tenesteleiar habiliteringstenester orienterte om brev frå pårørandegruppa i Stellanemarka burettslag

- Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling orienterte om universell utforming av bustader.

Orientering om "Handlingsplan mot vald i nære relasjonar – innspelsrunde før ferdigstilling" vart ikkje halde i dette møtet.

Utvalet tok samrøystes meldingar til orientering.

#### **HO- 028/22 Vedtak:**

Meldingar vert tatt til orientering.

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-144, FA-F03  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 19.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	
031/22	Utval for helse og omsorg	06.09.2022

## Høyring - handlingsplan mot vald i nære relasjonar

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med prosessreglane i plan- og bygningslova Kap. 11 vedtek Alver kommune å sende planforslag for «Handlingsplan mot vald i nære relasjonar» ut til offentleg høyring og ettersyn. Høyringsperioden vert sett til seks veker.

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg  
Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

### Kva saka gjeld:

I denne saka skal utval for oppvekst, kunnskap og kultur vurdere framlegg til Alver kommune sin «Handlingsplan mot vald i nære relasjonar» og legge den ut på høyring og offentleg ettersyn.

### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn

Ein kommunal handlingsplan mot vald og overgrep er ein strategi i Alver kommune sitt førebyggjande arbeid for å bekjempe vald og overgrep. Handlingsplanen har eit livsløp-perspektiv, og omfattar alle innbyggjarar i kommunen. Planen skal bidra til at kommunen har eit førebyggjande fokus på temaet, og at berørte får eit tilrettelagt og heilskapleg tilbod. Planen er ein handlingsplan knytt til tema og ikkje til eit spesifikt fagområde. Den er ein del av kommunen sitt plansystem, som består av fleire plantypar og er styrt av Alver kommune sin planstrategi.

Planen inneheld tiltak som skal bidra til at alle som arbeider og/eller er i kontakt med innbyggjarane våre, skal våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle slik at vald og overgrep opphøyrer. Målgruppa for Handlingsplanen er alle tilsette og innbyggjarar i Alver kommune.

Planen er ein digital plan, som vert gjort tilgjengeleg for både tilsette i Alver kommune, samt alle innbyggjarar i kommunen via Framsikt. Planen skal vere utgangspunkt for vidare arbeid med temaet på avdelingane i kommunen, samt eit verktøy som skal setje både tilsette og innbyggjarar i stand til å våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle slik at vald og overgrep opphøyrer.

#### Oppbygging av planen

#### MÅL:

Hovudmålet i planen:

*Innbyggjarar i Alver skal leve sine liv utan vald og overgrep.*

Det er i tillegg formulert tre delmål som skal byggje opp under hovudmålet med innhald og meining:

- *Handlingsplanen skal bidra til å styrke kunnskapsnivået hjå tilsette i kommunen og vidareutvikle samhandlinga mellom faggrupper og tenester i kommunen*
- *Tilsette i Alver kommune har kunnskap om korleis ein førebyggjer, avdekkjer og hjelper den som er utsett for vald, og den som utøver vald*
- *Handlingsplanen skal gje innbyggjarar i Alver kunnskap om vald i nære relasjonar, og setje dei i stand til å våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle*

#### TILTAKSPLAN:

Handlingsplanen har ein tiltaksplan som skildrar tiltak for å oppnå måla. Tiltaksplanen inneheld konkrete tiltak retta mot tilsette i Alver kommune, som synleggjer ansvar og deltakarar i arbeidet mot vald i nære relasjonar. Tiltaksplanen er delt i nye tilrådde tiltak og eksisterande tiltak. Tiltaka omhandlar førebyggjande arbeid, avdekking av vald og kompetanseheving. Tabellen med eksisterande tiltak er ei oversikt over arbeidet som allereie er igangsett i dei ulike tenestene knytt til dette temaet. Nye tilrådde tiltak er basert på hovudmålsettinga, innspel frå medverknadsprosessane, samt avdekking av manglar i eksisterande tiltak.

#### HANDLINGSKORT:

Handlingskorta er meint å vere eit verktøy som skal bidra til at alle tilsette og innbyggjarar skal våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle slik at vald og overgrep opphøyrer. Det er utarbeidd eit handlingskort som er retta mot bekymring for born og eit for vaksne. Handlingskorta inneheldt ein QR – kode som fører vidare til nettside på Alver kommune med oppdatert informasjon.

#### Planprosess

Arbeidet med planen har vore prosjektorganisert med ei tverrfagleg samansett gruppe med representantar frå oppvekst, helse & omsorg og NAV. RVTS (Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging) bistod prosjektgruppa i oppstarten av arbeidet. I medverknadsprosessen har ein arbeidd saman med dei ulike politiske råda og interne og eksterne tenester/samarbeidspartar. Det har vore gjennomført to referansegruppemøter/workshopar med inviterte frå dei nemnte gruppene. I etterkant av desse møta har prosjektgruppa jobba med innspela og inkludert dei i planen.

Prosjektgruppa har hatt internt samarbeid med Plan og analyse og Kommunikasjonsavdeling om utarbeiding og oppsett av plan i Framsikt, samt utarbeiding av handlingskorta.

#### **Tilråding:**

Kommunedirektøren rår til at framlegget til «Handlingsplan mot vald i nære relasjonar» blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, og rår til å gjennomføre ein høyringsperiode på seks veker.

# Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

## Versjon 1



## 1 Innleiing

Handlingsplanen er ein strategi i Alver kommune sitt førebyggjande arbeid for å bekjempe vald og overgrep. Planen skal bidra til at kommunen har fokus på temaet og at berørte får eit tilrettelagt og heilskapleg tilbod.

Nokre born, unge og vaksne vert utsett for vald frå menneske som skulle vore trygge for dei. Mange er redde der dei skulle vore trygge – i heimen og andre stadar der omsorg er ei forventning.

Det kan vere ekstra vanskeleg å oppdage vald i nære relasjonar. Det kan også vere ekstra vanskeleg for dei utsette å be om hjelp. Vald i nære relasjonar skaper utrygge levevilkår for born og vaksne, og kan føre til alvorlege fysiske, psykiske og sosiale problem for dei involverte. Barn som er vitne til at nære omsorgspersonar vert utsett for vald, kan få dei same skadeverknadene som barn som får valden retta mot seg sjølv.

Vald har omfattande samfunnsøkonomiske kostnadar og folkehelseutfordringar. Valden kan utløyse behov for hjelpetiltak i skule og barnehage, psykisk og fysisk helsehjelp, barnevernstiltak, krisesentertilbod, sosialhjelp og bistand frå politi og domstol. Mange valdsutsette mister også tilknytning til arbeidslivet. I Regjeringa sin plan "Frihet fra vold" vert det vist til at ei analyse frå 2012 visar at vald i nære relasjonar kostar det norske samfunnet mellom 4,5 og 6 milliardar kroner.

Det er god førebygging i tidlig avdekking. I dette arbeidet har Helse- og skulehelsetenesta ei viktig rolle med å førebyggje, avdekke og avverje vald, overgrep og omsorgsvikt.

Born og unge treng kunnskap om vald og overgrep og kor dei kan få hjelp dersom dei vert utsett. Born må lære om følelesar, kropp, grenser og vald i barnehage og skule. Kunnskap om vold og overgrep inngår i rammeplan for barnehagen, opplæringslova, læreplanen for skulen (LK20), og i planverket for lærarutdanningane og i alle helse- og sosialhøgskuleutdanningane. Ifølgje opplæringsloven skal skulen sitt arbeid vera oppmerksame på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernsteneste. I LK 20 er temaene seksualitet, grenser, vald og seksuelle overgrep nye kompetansemål. Barnehagen skal ha eit medvite forhold til at barn kan vere utsett for omsorgssvikt, vold og seksuelle overgrep og vite korleis ein kan førebygge/avdekke dette. Rammeplanen for barnehagen presiserer at barnehagepersonalet skal observere og vurdere barnas omsorgs- og livssituasjon og ved behov ta nødvendige grep.

### 1.1 Om planen

All bruk av vald er i strid med norsk lov. Ein kommunal handlingsplan mot vald og overgrep er ein strategi i Alver kommune sitt førebyggjande arbeid for å bekjempe vald og overgrep. Handlingsplanen har eit livsløp-perspektiv, og omfattar alle innbyggjarar i kommunen. Planen skal bidra til at kommunen har eit førebyggjande fokus på temaet, og at berørte får eit tilrettelagt og heilskapleg tilbod. Planen er ein handlingsplan knytt til tema og ikkje til eit spesifikt fagområde. Den er ein del av kommunen sitt plansystem, som består av fleire plantypar og er styrt av Alver kommune sin planstrategi. Planen skal politisk vedtakast.

## Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Planen inneheldt tiltak som skal bidra til at alle som arbeider og/eller er i kontakt med innbyggjarane våre, skal våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle slik at vald og overgrep opphøyrer. Målgruppa for Handlingsplanen er alle tilsette og innbyggjarar i Alver kommune.

Arbeidet med planen har vore prosjektorganisert med ei tverrfagleg samansett gruppe med representantar frå oppvekst, helse og NAV. RVTS bistod prosjektgruppa i oppstarten av arbeidet. I medverknadsprosessen har ein arbeidd saman med dei ulike politiske råda og interne og eksterne tenester/samarbeidspartar.

### 1.2 Nasjonale føringar

Arbeidet med å førebygge, avdekke og sette inn tiltak mot vald i nære relasjonar vert styrt av fleire nasjonale føringar, både i lovverk, handlingsplanar og forskrifter. Nasjonale føringar som er viktig å kjenne til er:

- [Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold \(2021-2024\) - regjeringen.no](#)
- Regjeringa sin handlingsplan for å førebygge og bekjempe vald i nære relasjonar 2021–2024. Handlingsplanen inneheldt 82 tiltak for å styrke innsatsen mot denne kriminaliteten ytterlegare:

[209755-jd-frihetfravold-web.pdf \(regjeringen.no\)](#)

- Nasjonal fagleg retningslinje: [Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge - Helsedirektoratet](#)

## 2 Kunnskapsgrunnlag

Dette kapittelet omhandlar ulike formar for vald, særleg sårbare grupper, konsekvensar av vald i nære relasjonar, samt nasjonal og lokal statistikk.

### 2.1 Ulike formar for vald

Vald kan inkludere mange typar valdshandlingar. Alle formar for vald er ulovlege. I denne handlingsplanen vert desse formene for vald definert:

- **Fysisk vald** - Handlingar som forårsakar fysisk skade eller smerte, men også handlingar som fysisk hindrar den andre sitt høve til å bevege seg fritt. Døme: Slå, sparke, gje juling, ta kvelertak, riste, klype, klore, bite, lugge, vri armen, halde fast og dytte. I dei grovaste tilfella kan overgrepa ta form av forgiftning, drapsforsøk eller drap. Fysisk avstraffing brukt for å disiplinere og oppdra barn er også definert som mishandling.
- **Psykisk vald** - Ord, kroppsspråk og stemmebruk som krenkar, truer og kontrollerer den andre. Døme: Direkte og indirekte trugsmål, latterleggjering, kalle stygge ting, kontrollere kva den andre får lov til å gjere eller kven den kan være saman med, utagerande sjalusi, ignorere og avvise den andre sine kjensler m.m.

## Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

- **Omsorgssvikt** - Mangel på handlingar eller feilaktige handlingar ved omsorg for barn og unge samt pleietrengande vaksne. Fysiske behov og behov for stimulering, oppfølging og beskyttelse vert dermed ikkje teke i vare.
- **Seksuell vald og overgrep** - Handlingar eller forsøk på handlingar som inneber ufriviljug fysisk kontakt som: berøring, beføling, samleieliknande handlingar, samleie og valdtekt. Handlingar eller forsøk på handlingar uten fysisk kontakt som seksualisert tilsnakk, blotting, fotografering, filming, kinking og fremvisning av pornografi. Handlingar som vert utført mot den utsette sin vilje, utan samtykke.
- **Tvangsekteskap** - Det kallast tvangsekteskap når minst ein av ektefellane ikkje har hatt høve til å forbli ugift eller sjølv å velgje partnar og har samtykka til ekteskap etter sterkt press, trugsmål eller annan psykisk eller fysisk vald
- **Kjønnslemlesting** - Kjønnslemlesting er eit samleomgrep på ulike typar inngrep på jenter og kvinners ytre kjønnsdelar som utførast av kulturelle årsaker og utan medisinsk grunn.
- **Æresrelatert vald** - Eit overgrep mot eit individ som familien opplever at har vanæra dei, eller som dei fryktar skal vanære dei. Målet med handlinga er å beskytte familien si ære.

## 2.2 Særleg sårbare grupper

Alle menneske har ein sårbarhet ved seg, og alle kan bli utsett for vald. Likevel er det nokon som er særleg sårbare. Det gjeld spesielt dei som er underlegne i eit makt- og styrkeforhold.

- Personar med funksjonsnedsettingar, born, eldre og dei som slit med rus eller psykiske vanskar kan være særleg utsett.
- Små born har eit stort behov for trygg omsorg, og er avhengige av vaksne som tar vare på dei. Born og ungdom har ikkje same vurderingsevne som vaksne, og kan lettare bli lokka inn i situasjonar som dei er for unge til å forstå konsekvensane av, eller samtykke til.
- Personar med funksjonsnedsetting kan også vere avhengige av andre som tek vare på dei. Fysiske funksjonsnedsettingar kan gjere det vanskeligare å forsvare seg mot fysisk eller seksuell vald.
- I nokre familiar er familien si kollektive ære svært viktig. Familiene er opptekne av at kulturelle- og tradisjonelle normar skal overhaldast for å oppretthalde familien sitt omdømme i andre sine auger.
- Levekårsutfordringar som høgt forbruk av rusmidlar, dårleg psykisk helse og dårleg økonomi gir auka risiko for vald i nære relasjonar. Unge er oftare utsett for *partnervald* enn eldre.
- Vald mot eldre viser seg å vere eit stort, men ofte skjult problem. Eldre søker sjeldan råd. Mange har få relasjonar, og kan vegre seg for å anmelde personar som står ein nær. Det er skambelagt og mange eldre trur at dei sjølv har skulda for krenking og ha ei kjent voldsrelatert skam. Overgrep kan skje både i private heimar og på institusjonar.
- Dersom ein har opplevd vald eller seksuelle overgrep er ein av dei sterkaste risikofaktorane for å igjen verte utsett for vald eller seksuelle overgrep. Det kan også innebere auka risiko for å utøve

vald. Personar som har vore utsett for alvorlig fysisk vald og alvorlige seksuelle overgrep tidligare i livet, har åtte gonger større risiko for å bli utsett for vald også etter fylte 65 år (Janson, 2011).

### 2.3 Definisjonar

**Vald:** *Vold er enhver handling rettet mot en annen person som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutte å gjøre noe den vil.*

*(Isdal, 2000)*

**Nære relasjonar** vert her definert som partner, born, sysken, føresette, besteforeldre og andre i rett opp- eller nedadgåande line samt adoptiv-, foster- og steforhold. Det kan også omfatte kjærast- og nære vennsband, nære kollegaer, samt langvarige omsorgs- og pleierelasjonar. Vidare kan det gjelde dei som arbeider til dømes i barnehage, skule og SFO, eller som leiar av fritidsaktivitetar.

**Samtykkekompetanse** meinast å vere i stand til å ta val på eigne vegne, seie ja eller nei til ei bestemt handling og å forstå konsekvensane av det valet ein tek. Dette kan være tilfellet dersom nokon er svært psykisk sjuk eller veldig ung.

### 2.4 Konsekvensar

Vald og overgrep kan føre til umiddelbare fysiske eller psykiske konsekvensar. For mange går reaksjonane over med tida, medan nokon opplever langvarige reaksjonar av sine vonde opplevingar.

#### **Langvarige psykiske og fysiske helseplager:**

Utviklingsavvik hjå born: kognitiv utvikling, motorisk og kroppslig utvikling, og utrygg tilknytning.

Alvorlige fysiske skader

Smerter

Sjukdom

Angstlidingar og depresjon

Søvnvanskar

Tristhet

Kjensle av hjelpeløyse/tap av håp

Handlingslamming

Tap av sjølvtilitt og tillit til samfunnet

Skam

Einsemd

Posttraumatisk stressyndrom

Atferdsforstyrringar

**Økonomiske/sosiale konsekvensar:**

Mangelfull utdanning, arbeidsløyse

Tap av nettverk/sosial tilbaketrekning

Høgt skulefråvær

Rusbruk

Kriminalitet

Utfordringar med å skape og halde på vennskap/ sosiale relasjonar

Større risiko for å bli utsett for krenking

## 2.5 Nasjonale tal

### Vald mot born og unge - forekomst

- Om lag 1 av 20 born og unge veks opp under høve prega av alvorleg vald (barnemishandling). Andelen har vore stabil over tid.
- Mindre alvorlig fysisk vald mot born og unge har avteke betydeleg og over tid og skjer med om lag 1 av 5

### Seksuelle overgrep mot born og unge - forekomst

- Når det gjeld seksuelle overgrep, oppgjer 1 av 5 jenter og 1 av 14 gutar at dei har opplevd dette i barne- og ungdomsåra. 9 prosent av alle kvinner har vore utsett for valdtekt minst éin gong i livet.
- Hjø omlag halvparten av dei som vert utsett for alvorlege seksuelle overgrep, skjer dette før dei er 18 år, medan ein vesentleg andel av overgrepa skjer før 13 års alder. Overgrep skjer også i småskulealder og i barnehagealder.

## Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

- Vald, seksuelle overgrep og omsorgssvikt i barndommen aukar risikoen for alvorlege fysiske og psykiske helseplager.

### Vald mellom foreldre - forekomst

Å vere vitne til vald mellom foreldre er ei skremmande oppleving og reknast difor som ein type vald mot born. Nærare 1 av 20 (4%) unge har opplevd alvorleg vald mot mor, medan 1 av 50 (2%) har opplevd alvorleg vald mot far.

### Vald mot vaksne og eldre - førekomst

Årlig vert det anmeldt omlag 20 000 valdslovbrot. Antall ofre for anmelde lovbrott er noko lågare og dei fleste er i alderen 20-70 år. For fysisk vald er det store mørketall i kriminalstatistikken, i og med at mange valdshendingar ikkje vert anmeldt.

Over 1 av 100 eldre oppgjer at dei har vore utsett for vald etter 65 år alder, i fylgje FHI. Det er ingen signifikant forskjell mellom menn og kvinner.

### Seksuelle overgrep mot vaksne - forekomst

I ei nasjonal undersøking blant vaksne vart det spurt om overgrep i løpet av livet. Resultata viste at:

- 34 prosent av kvinner og 11 prosent av menn hadde vore utsett for seksuelle overgrep (se tekstboks).
- 9 prosent av alle kvinner og 1 prosent av alle menn over 18 år hadde vore utsett for valdtekt minst éin gong i livet.
- Om lag 1,5 prosent av utvalet (N=1909) hadde vore utsett for seksuelle overgrep etter fylte 65 år. Det var ingen signifikant forskjell mellom kvinner og menn.

I undersøkinga vart det berre spurt om overgrep nokon gong i livet, ikkje i løpet av eit år. Resultata av undersøkinga kan difor ikkje samanliknast direkte med tala i kriminalstatistikken. I alt vart det anmeldt seksuallovbrot med nesten 6000 ofre i 2017, over 4000 av ofra var under 20 år.

## 2.6 Lokale tal

### Krisesenteret Bergen:

Krisesenteret skil ikkje mellom vertskommunen og andre kommunar i den offentlege statistikken, men fører eige rekneskap på tal bebuarar etter kva kommune dei tilhøyrrer. Bebuarar kan reservere seg mot å statistikkførast. Krisesenteret hadde ein nedgang i antal bebuarar i 2021, og det lågast registrerte antalet siste ti år. Foreløpige tal frå 2022 viser at det er aukande igjen. Det vert ikkje ført statistikk på denne måten over dagbrukarar og henvendingar på telefon.

2020: 7 bebuarar frå Alver

2021: 2 bebuarar frå Alver


**Politiet:**

I perioden 01.01.20 – 30.04.22 er det 68 melde saker i kategorien «Familievald» i Alver kommune viser tal frå Vest politidistrikt


**Nasjonale tal omgjort til tal for Alver kommune**

Det er viktig at ein kjenner til situasjonen for Alver og det er ikkje sannsynleg at tal for Alver kommune ligg under resten av landet. Under har ein brukt tal frå FHI.no og innbyggjar-prognose i Alver kommune 2022 frå [Kommunefakta Alver - SSB](#) og gjort om til personar i Alver.

**Nasjonale tal:**



**Gjort om til personar i Alver:**




Figur er hentet fra Vecteezy.com



## Nasjonale tal:

**20%**

12-16 åringar som har blitt utsett for psykisk vald frå omsorgsgivarar.



**4%**

18-19 åringar som har opplevd alvorleg vald mot mor.



**1%**

66+ åringar som har opplevd alvorleg vald etter fylte 65 år.




## Gjort om til personar i Alver:

Blitt utsett for psykisk vald frå omsorgsgivarar

**421**

12-16  
åringar



Opplevd alvorleg vald mot mor

**30**

18-19  
åringar



Opplevd alvorleg vald etter fylte 65 år

**69**

66+  
åringar



Figur er hentet fra Vecteezy.com

Ei UngData-undersøking omfatter eit breitt spekter av temaområder. Dei som svarer på undersøkinga får spørsmål om foreldre, vener, skule, lokalmiljø, fritidsaktivitetar, helse og trivsel. På ungdomstrinnet og i vidaregående opplæring er det også med spørsmål om rusmiddelbruk, seksualitet, risikoåtferd og vald. Spørsmåla i Ungdata dekke heilheten i barn og ungdomsliv. Under har ein visualisert relevante resultat frå undersøkinga i Alver kommune 2022:



## Tal frå Ungdata i Alver 2021:

### Vidaregåande skule:

Prosentdel som har blitt utsette for ulike former for seksuell trakassering i løpet av det siste året.

At nokon tvinga deg til samleie eller andre seksuelle handlingar



At nokon mot din vilje delte bilete eller filmar av deg der du er naken eller deltek i seksuelle handlingar



At nokon mot di vilje befølte deg på seksuell måte



■ 1 gong ■ 2-5 gonger ■ 6 gonger eller meir

### Ungdomsskule:

Prosentdel som har blitt utsette for ulike former for seksuell trakassering i løpet av det siste året.

At nokon mot din vilje delte bilete eller filmar av deg der du er naken eller deltek i seksuelle handlingar



At nokon mot di vilje befølte deg på seksuell måte




■ 1 gong ■ 2-5 gonger ■ 6 gonger eller meir

## Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Ungdomsskule:

Har ein vaksen i familien slått deg med vilje?



Har du sett eller høyrtd at ein vaksen i familien din har blitt slått, sparka, rista hardt eller lugga av ein annan vaksen i familien?



### 3 Hovudmål og delmål

Målsettingar

#### 3.1 Måltabell

Mål	I andre planar	Delmål	I andre planar
Innbyggjarar skal leve sine liv utan vald og overgrep	Økonomiplan: Ikkje innarbeida	Handlingsplanen skal bidra til å styrke kunnskapsnivået hjå tilsette i kommunen og vidareutvikle samhandlinga mellom faggrupper og tenester i kommunen	Økonomiplan: Ikkje innarbeida
		Tilsette i Alver kommune har kunnskap om korleis ein førebyggjer, avdekkjer og hjelper den som er utsett for vald og den som utøver vald.	Økonomiplan: Ikkje innarbeida
		Handlingsplanen skal gje innbyggjarar i Alver kunnskap om vald i nære relasjonar, og setje dei i stand til å våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle.	Økonomiplan: Ikkje innarbeida

#### Innbyggjarar skal leve sine liv utan vald og overgrep

Innbyggjarar skal leve sine liv utan vald og overgrep

### 4 Tiltaksplan

## Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Tiltaksplanen inneheld konkrete tiltak retta mot tilsette i Alver kommune, og synleggjer ansvar og deltakarar i arbeidet mot vald i nære relasjonar

Tiltaksplanen er delt i nye tilrådde tiltak og eksisterande tiltak. Tiltaka omhandlar førebyggjande arbeid, avdekking av vald og kompetanseheving. Tabellen med eksisterande tiltak er ei oversikt over arbeidet som allereie er igangsett i dei ulike tenestene knytt til dette temaet.

Nye tilrådde tiltak er basert på hovudmålsettinga, innspel frå medverknadsprosessane, samt avdekking av manglar i eksisterande tiltak.

### 4.1 Nye tilrådde tiltak

Tiltak	Omtale	Ansvar
Organisasjon- og kompetanseutvikling	Alle tilsette i Alver kommune og aktuelle samarbeidspartar er kjend med handlingsplanen og innhaldet i denne	Tenesteleiarar, avdelingsleiarar
Sikre at tilsette som jobbar med born, unge og familiar har tilstrekkeleg kompetanse om tema	<ul style="list-style-type: none"><li>• Alle tilsette som jobbar med born og unge skal ha kompetanse til å handtere utsagn/åtferd som vekker bekymring for overgrep og vald. Foreslått ressurs: <a href="http://www.snakkemedbarn.no">www.snakkemedbarn.no</a> <a href="http://www.jegvet.no">www.jegvet.no</a></li><li>• Tema på personalmøte ein gong per år</li></ul>	Tenesteleiarar, avdelingsleiarar
Informasjon til nye medarbeidarar	Sikre at nytilsette vert gjort kjend med handlingsplanen og lokale rutiner	Avdelingsleiar
Avdekke vald - lokale rutiner	Alle tenester og avdelingar skal ha interne rutine for arbeidet mot vald i nære relasjonar	Avdelingsleiar
Avdekke vald i nære relasjonar mot gravide	Erfaringar med vald hjå gravide vert kartlagt i svangerskapsoppfølging, både hjå fastlege og jordmor	Tenesteleiar legetenesta
Avdekke vald i nære relasjonar mot menneske med nedsett funksjonsevne	Tilsette som arbeider med menneske med nedsett funksjonsevne har kompetanse	Tenesteleiarar, avdelingsleiarar

## Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

	på å avdekke og handle ved bekymring for vald i nære relasjonar	
Avdekke vald i nære relasjonar mot eldre	Tilsette som jobbar med eldre har kompetanse på å avdekke og handle ved bekymring for vald i nære relasjonar	Tenesteleiarar, avdelingsleiarar
Avdekke æresrelatert vald	Tilsette i Alver kommune har kompetanse om risikofaktorar og særlege utsette grupper	Tenesteleiarar, avdelingsleiarar
Etablere koordinerande nettverk for oppfølging av arbeidet mot vald i nære relasjonar og fastsetje rammer	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vere pådrivar og bistå leiarar med implementering av handlingsplan</li> <li>• Evaluering av handlingsplan</li> <li>• Oppdatering av handlingsplan - sørge for samsvar med andre overordna planar når desse er utarbeidd</li> <li>• Utarbeide implementeringsplan</li> <li>• Kvalitetssikre oppdatert informasjon på kommunen sine nettsider og sosiale medier</li> <li>• Sikre informasjon om planen til andre samarbeidsaktørar</li> <li>• Foreslåtte medlemmer: Representant for barn og unge, representant for vaksne, samarbeids- og nettverkskontakt BVT</li> <li>• Utarbeide mandat for den koordinerande nettverket</li> </ul>	Kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef helse&omsorg
Evaluering av konsultasjonsteam	Evaluere samansetting av medlemmer, form og metodikk	Kommunalsjef oppvekst
Greie ut om Alver kommune skal ta i bruk TryggEst	TryggEst kan kort skildrast som eit «voksenvern» for vaksne som i liten, eller ingen grad, er i	Kommunalsjef helse & omsorg

## Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

	stand til å beskytte seg sjølv. Det er mogleg å søkje tilskot frå Bufdir	
Informasjon til innbyggjarar og tilsette om tilbod til dei som utøver vald	Til dømes: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Familievernkontor</li> <li>• DPS, psykisk helse &amp; rus, fastlege, kommunepsykolog</li> <li>• Kartlegge kompetanse blant eigne tilsette i kommunen</li> <li>• Ta stilling til avtale om samarbeid med "Alternativ til vald"</li> </ul>	Koordinerande nettverk for oppfølging av arbeidet mot vald i nære relasjonar  Kommunalsjef helse & omsorg
Bryt voldsarven	Kurs for foreldre som har vore utsett for vald i sin oppvekst.	PPT, barnevern, helsestasjon- og jordmortenesta
Samarbeid med Nok. Bergen  (Kompetansesenter mot seksuelle overgrep)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vurdere tverrfagleg fagdag for tilsette i kommunen</li> <li>• Vurdere bistand til undervisning i skule for elevane i 6.trinn</li> <li>• Vurdere å nytte opplæringspakke til tilsette i barnehage og skule</li> </ul>	Kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef helse & omsorg
Born som pårørande	Utarbeide rutine for alle tilsette i kommunen som yter hjelp til vaksne i samband med psykisk sjukdom, rusmiddelavhengighet eller alvorleg somatisk sjukdom eller skade	Tenesteleiar helsestasjon- og jordmortenesta
Lett tilgjengeleg informasjon til alle innbyggjarar	Informasjon på nettsider og sosiale medier. Vurdere om informasjonen bør vere på fleire språk og i papirformat for å nå flest mogleg.	Kommunikasjonsavdeling

### 4.1.1 Tiltakstabell

## Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Kategori	Namn	I andre planar	Mål	Delmål
----------	------	----------------	-----	--------

### 4.2 Eksisterande tiltak

Tiltak	Omtale	Ansvar
Tidleg inn	Opplæringsprogram for tilsette. Formålet med Tidlig Inn er at gravide og småbarnsfamiliar får kompetent hjelp tidleg på områda rus, psykisk helse og vald gjennom tverrfagleg samarbeid. Målgruppa får opplæring i kartleggingsverktøy og metodar for samtale om rus, psykisk helse og vald for å sikre en forsvarlig tjeneste.	Helsestasjon- og jordmortenesta
Konsultasjonsteam om vald og overgrep	Tverrfagleg team, opent for alle å ta kontakt ved bekymring for born og unge. Anonym drøfting	Kommunalsjef oppvekst
Samarbeids- og nettverkskontakt i Barnevernstenesta	Drøftingspart, rådgjevar for tilsette og innbyggjarar ved bekymring for born og unge	Barnevernstenesta
Meldekurs til alle tilsette barnehage og skule	Samarbeids- og nettverkskontakt i Barnevernstenesta heldt kurs for alle barnehagar og skular i kommunen om korleis handle ved bekymring.	Kommunalsjef oppvekst
Jordmor spør alle gravide om erfaring med vald	Avdekke vald i nære relasjonar mot gravide	Jordmor
Overføringssamtale mellom jordmor og helsesjukepleiar ved bekymring/behov	Sikre god overgong mellom jordmor og helsesjukepleiar	Helsestasjon- og jordmortenesta
Heimebesøk til alle foreldre som har fått born	Alle foreldre til nyfødde får heimebesøk av jordmor og helsesjukepleiar. Helsesjukepleiar har samtale om vald i nære relasjonar.	Helsestasjon- og jordmortenesta
Førebyggje vald mot dei minste borna (0-1 år)	Alle nybakte foreldre ser filmen "I trygge hender" i	Helsestasjon- og jordmortenesta

## Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

	gruppekonsultasjon på helsestasjonen når barnet er 2-4 veker gamal	
Kartlegging av mor si psykiske helse	På 6 vekers konsultasjon med barnet på helsestasjonen vert mødre si psykiske helse kartlagt (EPDS-skjema)	Helsestasjon- og jordmortenesta
Avdekke vald mot born (0-20 år) i heimen	Tilsette v/helsestasjonen føl fast mal i konsultasjonane og har vald i nære relasjonar som tema. Barna skal vere avkledd under veging og måling, større barn kan ha trøye og truse. Observasjon av samspel foreldre-barn og oppdatert oversikt over familien, kven dei bur med og belastningar i miljøet er viktige faktorar.	Helsestasjon- og jordmortenesta
Avdekke kjønnslemlesting; barn 0 - 6 år	Helsesjukepleiar spør føresette frå andre land om omskjæring vert praktisert, ved heimebesøk og ved konsultasjonar. Påminning om at det er straffbart i Noreg og helsepersonell har avvergeplikt.	Helsestasjon- og jordmortenesta
Avdekke vald i nære relasjonar hjå born 5 - 6 år	Helsesjukepleiar i skulehelsetenesta og skulelege har skulestartsundersøking av alle førsteklassingar med føresette til stades. Helsesjukepleiar har vald i nære relasjonar som tema.	Skulehelsetenesta
Avdekke vald i nære relasjonar hjå elevar	Tilsette ved skule har jamleg samtalar med elevar og gjennomfører elev- og utviklingssamtalar to gonger pr. år. Tema: Det er viktig å seie ifrå til ein vaksen og tryggja dei i at det alltid er nokon som vil lytta til dei når dei har det vanskeleg.	Tensteleiar, avdelingsleiar
Samtale om kjønnslemlesting	Jenter på 1. og 5. trinn som	Skulehelsetenesta

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

og tilbod om underlivsundersøking	høyrrer til grupper som kan vere utsette med deira foreldre skal få tilbod om ein samtale om kjønnslemlesting. <a href="#">Jenter med bakgrunn frå samfunn der dette er utbreidd</a> , skal og få tilbod om underlivsundersøking. Den frivillige undersøkinga vert gjort av skulelegen på helsestasjonen.	
Avdekke vald i nære relasjonar 7-8 år	Helsesjukepleiar gjennomfører undervisning i alle 2.klassar, nyttar undervisningsopplegg i regi av Redd Barna	Skulehelsetenesta
Avdekke vald i nære relasjonar 9-10 år	Helsesjukepleiar gjennomfører undervisning i alle 4.klassar, nyttar undervisningsopplegg i regi av Redd Barna	Skulehelsetenesta
Avdekke vald i nære relasjonar 11-12 år	Helsesjukepleiar gjennomfører undervisning i alle 6.klassar, nyttar undervisningsopplegg i regi av Redd Barna	Skulehelsetenesta
Avdekke vald i nære relasjonar 13-14 år	Helsesjukepleiar har individuell helsesamtale med alle 8.klassingar. Informasjon om vald og overgrep. Spørsmål om ungdommen har opplevd vald eller overgrep, eller om dei sjølve har utøvd vald	Skulehelsetenesta
Avdekke vald i nære relasjonar hjå flyktningar	Vald i nære relasjonar er ein del av eit obligatorisk kurs i samfunnskunnskapsopplæring for alle med rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Opplæringsmateriellet finst på 19 ulike språk. Alver vaksenopplæring gjennomfører kurset årleg.	Alver vaksenopplæring
Avdekke vald i nære relasjonar hjå barn/vaksne/familie hjå brukarar av psykisk helsetenester	Tilsette i psykisk helse og rus spør rutinemessig alle nye brukarar om vald og rus-erfaringar, samt kartlegg om dei har ansvar for born og at	Psykisk helse og rus



## Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

	dei er ivareteke.	
Helsestasjon for ungdom 13 - 20 år	Gratis lågterskeltilbod på ettermiddagstid, eit supplement til skulehelsetenesta. Lege og helsesjukepleiar tilstade.	Skulehelsetenesta
Sammen på vei	Oppfølgingsprogram for førstegangsfødande som har behov for ekstra støtte i graviditet og i barnets to første leveår. Interkommunalt samarbeid, Bergen kommune er vertskommune.	Helsestasjon- og jordmortenesta
Førebyggje vald i nære relasjonar hjå flyktningar	Obligatorisk foreldrerettleiingskurs for alle som deltek i introduksjonsprogram for nyankomne innvandrar. ICDP eller DUÅ.	NAV
Lågterskel universell foreldrerettleiing	Det vert gjennomført kursrekke i foreldrerettleiingsprogramma ICDP, De utrolige årene, Circle of security og Hold meg, slipp meg, kvar vår og haust. Det er tilsett ein prosjektkoordinator finansiert av tilskot frå Bufdir.	PPT, Psykisk helse og rus, Barneverntenesta og Helsestasjon og jordmortenesta

### 4.2.1 Tiltakstabell

Kategori	Namn	I andre planar	Mål	Delmål
----------	------	----------------	-----	--------

## 5 Handlingskort

Handlingskorta skal bidra til at alle tilsette og innbyggjarar skal våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle slik at vald og overgrep opphøyrer.

### 5.1 Handlingskort born

# Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Kva gjer eg ved mistanke om vald og seksuelle overgrep mot barn?

Vald kan vere fysisk, psykisk, seksuell eller handle om omsorgssvikt. Vald og overgrep kan skje i alle familjar, uavhengig av sosial bakgrunn.

## 1. SJÅ

### Fysiske teikn:

- Hyppige fysiske plager som til dømes magesmerter eller hovudverk
- Hyppige diffuse plager
- Blåmerker på rygg, bryst, mage, rumpe, kjønnsorgan, venstre øre/kinn, framsida av lår, overarmer
- Blåmerker hos barn som ikkje kan gå
- Hudblødningar
- Rettlinja eller mønstra blåmerker
- Samlingar av blåmerker og eventuelt tilleggs-kader
- Skader med mønster etter gjenstandar
- Stikk- eller kuttskadar
- Brannskadar (døme: svimerker etter sigarett)
- Forstopping/barnet tissar seg ut
- Gjentakande urinvegsinfeksjon
- Smarter/sår i underliv
- Dårlig tannhelse

### Psykiske teikn:

- Endra humør: meir redd, sint eller trist
- Kraftige reaksjonar på høge lydar eller berøring
- Barnet synest å vere "på vakt" i mange situasjonar
- Konsentrasjonsvanskar
- Skadeleg seksuell åtferd. Les meir på [www.seksuellatferd.no](http://www.seksuellatferd.no)
- Verbal/fysisk aggressiv åtferd
- Svært kontaktsøkande eller avisande åtferd
- Tilbaketrekking/barnet er meir inneslutta
- Rusbruk
- Søvnvanskar/trøttheit
- Etevanskar (dårlig appetitt, brekningar, overspising)
- Sjølvskading

Øvrig årsak til bekymring: Familien eller barnet motsèt seg innsyn i familien/kontakt med hjelpeapparat.

## 2. SPØR

### Førebu deg til samtalen med barnet

- Ring gjerne barnevernet for rettleiing, telefon 56 37 50 82.
- Dersom det er mogleg bør den som snakkar med barnet vere ein barnet allereie har tillit til.
- Skap ein trygg situasjon der du kan snakke med barnet aleine.
- På nettsida [www.snakkemedbarn.no](http://www.snakkemedbarn.no) er det gode råd og tips for samtalar med born.

### Start gjerne med:

- "Eg har tenkt på det du sa til meg. Fortel litt meir om det."
- "Då du sa ... tidlegare i dag, kva meinte du då?"

### Fortel det du ser:

- Kommenter på barnet sine følelsar, kroppsspråk og åtferd:
  - "Du ser så sint, trist, lei deg ut..."
  - "Eg ser du har eit blåmerke på armen din..."
  - "Kva har skjedd? Fortel det til meg!"



Scan QR-kode for meir informasjon og kontaktinformasjon ved vald og overgrep.

### Tips til samtalen

- Generaliser:
  - "Enkelte barn har opplevd ting dei ikkje tør å fortelje om fordi dei er så redde for kva som skal skje om dei fortel nokon om det. Eg lurar på om det er sånn for deg og?"
- Gjenta det barnet fortel. Bruk barnet sine eigne ord. Følg gjerne opp med å seie til barnet:
  - "Fortel meir om det!"
  - "Kva skjedde så?"
- La barnet fortelje mest mogleg fritt.
  - Still færrest mogleg spørsmål, spørsmåla du stiller må vera opne.
- Vis at du toler å høyre:
  - "Eg toler å høyre alt du fortel til meg".
- Kommenter på eventuelt eigne følelsar:
  - "No ser du at eg får tårer i augene, det går helt fint! Eg toler å høyre alt du fortel til meg, og eg er så glad for at du gjer det!"
- Ver nysgjerrig på det barnet fortel, men følg med på om barnet verkar i stand til å fortsetje å fortelje.
- Gi barnet tid og tol pausar
- Om barnet ikkje fortel, kan du snakke om gode og vonde hemmelegheiter.
- Sjekk om du har forstått det riktig når barnet er ferdig med å fortelje.

## 4. HANDLE

### Avvergingsplikt

Alle har plikt til å avverge alvorlege, straffbare handlingar. Om det ikkje er trygt for deg å avverge handlinga, har du likevel plikt til å varsle politiet.

### Meldeplikt

Alle offentleg tilsette har meldeplikt. Viss du har kjennskap til at eit barn vert mishandla, lever i ein valdeleg heim, eller vert utsett for andre former for alvorleg omsorgssvikt, har du plikt til å melde ifrå til barnevernet utan hinder av teieplikt.

Dersom du er usikker på om situasjonen treng akutt handling, bør du avklare med barneverntenesta om barnet kan sendast heim eller ikkje.



Scan QR-kode for meir informasjon og kontaktinformasjon ved vald og overgrep

### Kva gjer du ved bekymring for at eit barn er utsett for vald/overgrep?

- Ved akutt bekymring, ring barneverntenesta i Alver på telefon 56 37 50 82 eller politi 112.
- Send bekymringsmelding til barneverntenesta – skjema finn du på Alver kommune si heimeside.
- Ved bekymring for vald/seksuelle overgrep skal ikkje foreldre informerast om at det vert sendt bekymringsmelding.
- Som privatperson kan du melde bekymring anonymt.
- Dersom det tidlegare er sendt bekymringsmelding til barnevernet og du har informasjon om at vald eller overgrep framleis foregår, skal det sendast ei ny bekymringsmelding.
- Ved tydelege fysiske teikn på vald/overgrep er det viktig at barnet vert følgt til legevakt for undersøking og dokumentasjon av skadar.
- Skriv ned det barnet fortel at har skjedd, eller det du har observert som gir bekymring. Noter dato for observasjon.
- For tilsette i Alver kommune: Føl lokal rutine for avdelinga.

### Viktige telefonnummer

- Barneverntenesta: 56 37 50 82 (dagtid)
- Politi: 02800
- Legevakt: 116 117

### Telefonnummer hjelpetilbod (dagtid):

- Alarmtelefon for born og unge: 116 111
- Konsultasjonsteam for vald og overgrep: 56 37 55 30
- Krisesenteret i Bergen: 55 31 50 50
- NOK (Kompetansesenter mot seksuelle overgrep): 55 90 49 90
- Kompetanseteam mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting: 47 80 90 50
- Statens barnehus: 55 55 69 00
- Valdtektmottaket ved Bergen Legevakt: 55 55 99 50
- Støttesenter mot incest og seksuelle overgrep (SMISO) - for misbrukte og deira pårørande: 800 57 000

## 5.2 Handlingskort vaksne

# Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Kva gjer eg ved:

## Mistanke om vald og seksuelle overgrep mot vaksne i nære relasjonar?

Vald kan vere fysisk, psykisk, seksuell eller handle om omsorgssvikt. Vald og overgrep kan skje i alle familjar, uavhengig av sosial bakgrunn.

### 1. SJÅ

#### Fysiske teikn:

- Sår og blåmerker
- Skadar på hovud, ansikt, bryst, hals, brystkasse, armar
- Skadar fleire stader på kroppen
- Brot, brannskadar, stikkskadar, smerter i underlivet
- Svimmelheit, søvn- og eteproblem
- Psykosomatiske symptom som vondt i magen, hovudverk, vondt i ryggen

#### Psykiske teikn:

- Redsle
- Uro
- Angst
- Svingande humør
- Søvnvanskar
- Konsentrasjonsvanskar
- Nedstemt
- Mareritt
- Redusert sjølvkjensle
- Irritabel
- Sjølvordstankar
- Sjølvordsforsøk

#### Signal:

- Unnvikande åtferd
- Isolasjon, sosial tilbaketrekt, lite nettverk
- Sjølvskading
- Stadige unnskylldingar og endring av avtalar
- Partner er ofte med på avtalar
- Motset seg hjelp som krev innsyn i familien
- Bortforklaringar (døme: datt i trappa)
- Hyppige legebesøk med diffuse symptom
- Reagerer på berøring

### 2. SPØR

Prøv å skape ein situasjon med trygge rammer, slik at du kan få til ein dialog. Våg å spørje, ikkje ver redd for å trå feil. Å bry seg om andre er alltid rett.

#### Start gjerne med:

- Eg har lagt merke til at...

#### Fortel det du ser:

- Det verkar som du ofte er mykje vekke frå jobb
- Du verkar sliten
- Eg ser at du har blåmerke på armen

#### Hald fram med:

- Dette gjeld kanskje ikkje deg, men mi erfaring er at mange som ikkje har det så greit heime, kan få sårne plager. Kva tenker du om det?
- Korleis har du det heime?

#### TIPS TIL SAMTALEN:

- Prøv å unngå å bruke ordet vald
- Still opne og ikkje leiande spørsmål
- Nytt aktiv lytting som: Fortel meir om det, kva sa du, korleis opplevde du det, kvar var du?
- Gjenta nøkkelord i det som blir sagt
- Unngå vurderingar av det som blir sagt: Oj, så forferdelig, stakkars deg og liknade.

Ta imot det du vert fortalt. Våg å spørje, tol å lytte!

### 3. AVKLAR

Ver varsam og la den valdsutsette fortelje så fritt som mogleg. Prøv å få oversikt over korleis valden artar seg.

#### Korleis artar valden seg?

- Fysiske skadar?
- Seksuell tvang?
- Truslar og kontroll?
- Audmjuka eller latterleggjort?
- Manglande råderett over egne pengar?
- Nektast kontakt med familie og vener?
- Øydelegg ting vedkommande er glad i?
- Kjæledyr som vert mishandla?
- Negativ sosial kontroll?

#### Kor alvorlig er valden?

- Når skjedde dette siste gang?
- Beskriv kva som skjedde
- Har det skjedd før og kor ofte?

#### Vurdering av tryggleik:

- Er du redd noko skal skje framover?
- Kva er det verste som kan skje?
- Er det barn involvert, er det fare for liv og helse for deg og barna dine?

#### Risikofaktorar:

Samlivsbrot, tidlegare valdsepisodar, tilgang til våpen, arbeidsløse, økonomiske vanskar, sjukdom, psykisk utviklingshemming og rusavhengigheit kan bety auka risiko. Polit og krisesenter bør kontaktast. Er det barn involvert skal alltid barnevernstenesta kontaktast.

### 4. HANDLE

#### Kva gjer eg?

Motiver den valdsutsette til å kontakte hjelpeapparatet slik at han/ho kan kome seg ut av valden. Hjelp eventuelt han/ho å ta kontakt med hjelpeinstansar og lag avtalar.

#### Ved alvorlege truslar eller fysiske skadar etter vald og overgrep:

- Alle som arbeider med born og vaksne har ansvar for å vere merksame på forhold som kan vere til skade for andre:
- Ved fysiske skadar
- Ved symptom på psykisk vald
- Ved alvorlege truslar
- Ved mistanke om seksuell tvang

#### Når du får informasjon om alvorlege truslar eller fysiske skadar etter vald og overgrep, har du avvergeplikt.

#### Avvergeplikt inntre ved straffbare forhold og er eit personleg ansvar, og utan hinder av teieplikta.

- Ring politiet på 02800 for å forhindre nye overgrep og farlege situasjonar. Fortel kva du har sett, høyr og kvifor du er redd for nye valdsituasjonar.
- Krisesenter: ring 55 31 50 50
- Den valdsutsette kan sjølv melde forholda, eller politiet kan ta ut offentleg påtale.
- Ved mistanke om valdtekt – ta kontakt med Valdtekstmottaket til Bergen Legevakt: ring 55 56 87 60

- Er barn involvert skal alltid barnevernstenesta kontaktast.
- På dagtid: Ta kontakt med barnevernstenesta i Alver kommune på telefon 56 37 50 82. Er ikkje saka akutt, kan ein nytta meldingsskjema som ligg på [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no).

#### Utanfor kontortid kan følgjande instansar formidle kontakt med barnevernstenesta i Alver:

- Nordhordland legevakt: 116 117
- Politiet: 02800
- Barnevernvakta i Bergen: 55 36 11 80

Forklar den valdsutsette om ansvaret ditt, og kva som skal skje vidare.

#### Anonyme drøftingar

Er du usikker på kva du skal gjere, kan du drøfte saka anonymt med krisesenteret i Bergen eller politiet. Ring og avtal samtale med fagpersonar eller be om råd på telefonen. Er det barn involvert kan du ringe barnevernet i Alver for ei anonym drøfting.



Scan QR-kode for meir informasjon og kontaktinformasjon ved vald og overgrep

### Viktige telefonnummer

Ring politiet på 02800 for å forhindre akutte overgrep og farlege situasjonar.

Er det barn involvert, sjølv om barnet ikkje er direkte involvert, skal det meldast.

Legevakta, døgntelefon: 116 117

Kontakt barnevernstenesta i Alver:

- Dagtid: ring 56 37 50 82
- Kveld, helg, heilagdagar: ring alarmtelefonen for barn og unge 116 111

Krisesenter for Bergen og omegn (døgnope):  
Telefon 55 31 50 50

Valdtekstmottaket ved Bergen Legevakt:  
Telefon 55 55 99 50

NOK (Kompetansesenter mot seksuelle overgrep):  
Telefon 55 90 49 90

Kjelder

## 6.1 Liste over kjelder

- [Utsatthet for vold og kjønnsforskjeller \(bufdir.no\)](#) [Kommunehelsa \(fhi.no\)](#) [NKVTS Rapport 4-19 Prevalence and risk of violence against children with disabilities: a systematic review and meta-analysis of observational studies - The Lancet](#)
- Veileder, kommunale handlingsplaner mot vold i nære relasjoner [Hjemmeside \(nkvts.no\)](#)
- [Konsekvenser av vold og overgrep - SSS \(stinesofiesstiftelse.no\)](#)
- [NKVTS – En veileder om vold i nære relasjoner](#)
- [English frontpage - Dinutvei.no](#)
- [Avvergingsplikten - plikt.no](#)
- [Vern for eldre](#)
- [Tegn som kan gi grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller at det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt - Helsedirektoratet](#)
- [Tvangsekteskap og æresrelatert vold \(bufdir.no\)](#)
- [Vold og seksuelle overgrep - FHI](#)
- [Seksuelle overgrep mot voksne personer med utviklingshemming \(bufdir.no\)](#)
- [Vold i nære relasjoner – Politiet.no](#)
- [Vold og seksuelle overgrep - FHI](#)
- [NKVTS Rapport 4-19](#)
- [PowerPoint-presentasjon \(ungdata.no\)](#)
- [PowerPoint-presentasjon \(ungdata.no\)](#)

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-L40  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 22.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.05.2022
066/22	Alver formannskap	02.06.2022
025/22	Utval for helse og omsorg	31.05.2022
032/22	Utval for helse og omsorg	06.09.2022
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

### **Byggeprogram - bufellesskap**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek byggeprogram for nytt bufellesskap for menneske med utviklingshemming slik det ligg føre i saka.

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:**

#### **Handsaming:**

Line Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og Prosjekt, og Bernt Fjordheim-tenesteleiar Habilitering orienterte og svarte på spørsmål.

#### Framlegg frå Reidar Knutsen:

RMNF kan ikkje støtta bygging av bufellesskap for 5-6 bebuarar i Skarsvegen 29. Tomta synest lite egna for bufellesskap, og det er ikkje ei god løysing å samlokalisera bebuarar med dei utfordringane administrasjonen beskriv. Bustadar for menneske med utviklingshemming bør ligge i normale bustad-miljø med utsikt og lys, gjerne sentralt, og i alle fall ikkje ha institusjonspreg. Om ein bebuar treng spesiell skjerming, bør det løysast gjennom lokalisering og tilpassing innanfor eit normalt bustad-miljøet. Ein bør ikkje samlokalisera mange bebuarar med utfordrande åtferd og behov for skjerming. Kanskje er ein bustad då det beste, i alle fall ikkje saman med nokon som er sensitive mot lyd eller kan bli ekstra redde og usikre ved utfordrande åtferd frå naboane. Det er mykje viktigare å sikra ei god løysing for bebuarane som gjerne skal bu der resten av livet, heller enn å følge opp det administrative vedtaket frå Lindås kommune om å kjøpa Skarsvegen 29, og påstandane om stordriftsfordelar og om at alternative vil gje betydeleg utsetjing. NFU har heile tida våre imot bufellesskapet i Skarsvegen 29, og forskning tilbakeviser påstandane om stordriftsfordelar og sosiale fordelar ved store bufellesskap. Dersom ein mindre sentral lokasjon likevel blir valt, rangerer RMNF Kvamsvegen høgast, framfor Moldekleiv.

Under avrøystinga vart framlegget frå Reidar Knutsen sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg: Framlegget frå Reidar Knutsen vart vedteke med 6 røyster (Sølvi Knutsen-Sp, Reidar Knutsen, Magne Bjørndal, Liv Erstad, Edith Jørgenvik, Svein Arne Vabø) mot 1 røyst (Jannicke Helland). Else Marie Dale-Krf tek saka til orientering.

#### **RMNF- 030/22 Vedtak:**

#### **Uttale i RMNF - 30.05.2022:**

RMNF kan ikkje støtta bygging av bufellesskap for 5-6 bebuarar i Skarsvegen 29. Tomta synest lite egna for

bufellesskap, og det er ikkje ei god løysing å samlokalisera bebuarar med dei utfordringane administrasjonen beskriv. Bustadar for menneske med utviklingshemming bør ligge i normale bustad-miljø med utsikt og lys, gjerne sentralt, og i alle fall ikkje ha institusjonspreg. Om ein bebuar treng spesiell skjerming, bør det løysast gjennom lokalisering og tilpassing innanfor eit normalt bustad-miljøet. Ein bør ikkje samlokalisera mange bebuarar med utfordrande åtferd og behov for skjerming. Kanskje er ein bustad då det beste, i alle fall ikkje saman med nokon som er sensitive mot lyd eller kan bli ekstra redde og usikre ved utfordrande åtferd frå naboane. Det er mykje viktigare å sikra ei god løysing for bebuarane som gjerne skal bu der resten av livet, heller enn å følge opp det administrative vedtaket frå Lindås kommune om å kjøpa Skarsvegen 29, og påstandane om stordriftsfordelar og om at alternative vil gje betydeleg utsetjing. NFU har heile tida våre imot bufellesskapet i Skarsvegen 29, og forskning tilbakeviser påstandane om stordriftsfordelar og sosiale fordelar ved store bufellesskap. Dersom ein mindre sentral lokasjon likevel blir valt, rangerer RMNF Kvamsvegen høgast, framfor Moldekleiv.

## **Utval for helse og omsorg 31.05.2022:**

### **Handsaming:**

Line M. Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og prosjekt og Bernt Fjordheim-tenesteleiar habiliteringstenester orienterte og svara på spørsmål.

May-Irene Wergeland-SP sette på vegne av AP, SP og KRF fram følgjande framlegg til uttale:

*Prosjektet Bufellesskap i Skarsvegen 29 leggast vekk i sin heilskap. Vi bed administrasjonen koma attende med ei utgreiing av tomtealternativa på Erstad og Moldekleiv. Desse vurderast opp mot einannan ut frå desse premissane:*

- *avstand til naboar*
- *avstand til trafikkert veg*
- *avstand til butikk/senter*
- *støy/uro*
- *soltilhøve for tomtane slik dei ligg i dag utan bebygging*
- *moglegheiter for uteaktivitetar/hage tilpassa ulike brukarar*
- *plass til parkering for bebuarar, gjestar og tilsette*
- *storleik på tomten*

*Administrasjonen kjem attende med politisk sak om val av tomt*

Fellesframlegget frå M.I.Wergeland vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg.

Wergeland sitt framlegg fekk 6 røyster og vart samrøystes vedteke (det var seks medlemmar i utvalet i dette møtet).

### **HO- 025/22 Vedtak:**

*Prosjektet Bufellesskap i Skarsvegen 29 leggast vekk i sin heilskap. Vi bed administrasjonen koma attende med ei utgreiing av tomtealternativa på Erstad og Moldekleiv. Desse vurderast opp mot einannan ut frå desse premissane:*

- *avstand til naboar*
- *avstand til trafikert veg*
- *avstand til butikk/senter*
- *støy/uro*
- *soltilhøve for tomtane slik dei ligg i dag utan bebygging*
- *moglegheiter for uteaktivitetar/hage tilpassa ulike brukarar*
- *plass til parkering for bebuarar, gjestar og tilsette*

Administrasjonen kjem attende med politisk sak om val av tomt.

## **Alver formannskap 02.06.2022:**

### **Handsaming:**

#### **Framlegg frå S.Sekkingstad-SP:**

Formannskapet sender saka tilbake til utval for helse og omsorg for ny politisk handsaming. Formannskapet ber om at utval for helse og omsorg vurderer gildskap før handsaming av saka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FO- 066/22 Vedtak:**

Formannskapet sender saka tilbake til utval for helse og omsorg for ny politisk handsaming. Formannskapet ber om at utval for helse og omsorg vurderer gildskap før handsaming av saka.

### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til uttale i helse og omsorg

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### **Bakgrunn**

Kommunen skal tilby opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan gje brukaren nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester (Lov om kommunale helse- og omsorgstenester mm, §3-2 a)

Det vart i Formannskapet i Lindås kommune 18.02.2016 samrøystes vedteke prosjektmandat for utarbeiding av byggjeprogram for bufellesskap (saksnr 013/16, arkivsak 16/466). Gjennom Bustadsosial handlingsplan 2017-2021 vedteke i KO 21.juni 2017 er det lagt fram behov om etablering av sju omsorgsbustader pluss for funksjonshemma der ein av desse skal vere ein avlastningsbustad/akuttbustad.

Sidan vedteke prosjektmandat har prosjektet møtt på ulike utfordringar som har gjort at realisering av nytt bufellesskap har teke lengre tid enn planlagt.

Ved kommunesamanslåinga måtte ein sjå på behova til kommunen på nytt for denne brukargruppa. Behova i dag er fem til seks omsorgsbustader pluss med tilhøyrande personalbase. Arbeidsgruppa har arbeidd vidare med byggjeprogrammet frå tidlegare Lindås kommune og gjort endringar og tilpassingar ut i frå behova til Alver kommune.

Det er eit stort behov for nye omsorgsbustader pluss (heildøgns bemanna) for gruppa funksjonshemma i Alver kommune. Per 2022 ligg dei fleste omsorgsbustadene i sentrums-område. Det er få tilbod til grupper som treng andre omgjevnader der ein i større grad kan vere skjerma frå t.d. støy og andre forstyrningar. Eit nytt bufellesskap vil føre til betre tenester og betre livskvalitet for bebuarane, og vil krevje mindre ressursar totalt sett.

Behovet hjå kommunen sine innbyggjarar er definert til å vere eit nytt bufellesskap med skjerma lokalisering. I dette tilfellet tyder det i landlege omgjevnader i ca. 10-15 min køyreavstand frå Knarvik.

Ved utvalsmøte for helse og omsorg den 22.03.22 vart saka utsett og sendt tilbake då både RMNF og HO ønska synfaring i Skarsvegen 29 samt tre alternative tomter som har vore vurdert i prosjektet. Det vart gjennomført synfaring for RMNF den 02.05.22 og HO den 03.05.22.

### **Saksopplysningar:**

I samband med handsaminga av saka i førre politiske møterunde kom det opp spørsmål knytt til dei alternative lokalitetane til Skarsvegen 29 og konkrete spørsmål knytt til eigedommen i Skarsvegen 29.




Utval for helse og omsorg ynskte svar på følgende:

1. Når vil mogleheitstudiet sine svar vere diskvalifiserande for vedtaket om bygging i Skarsvegen 29.
2. Mogleg innverknad frå mogleg veg frå Alversund mot området Tredalsegga via Skarsvegen 29
3. Kor stort blir tapet av dyrka/dyrkbar/landbruksland?
4. Soltilhøve (årsstudie)

Under følger omtale og vurdering av dei tre alternative lokalitetane dersom denne skulle falle bort grunna Statens vegvesen si bandlegging av området. Dei aktuelle eigedommane er markerte med lilla punkt.

#### **Gnr./Bnr. 141/1 Kvamsvegen 18**

- Relativ ny reguleringsplan er vedtatt for dette området
- Området er regulert til LNF i reguleringsplan for Stølshaugane.
- Det er vurdert at det ikkje er ønskeleg å gjere dette til offentleg tenesteytingsområde då området ligg i omsynssone landbruk (fulldyrka og overflatedyrka) – i dette område er det viktig å ta vare på dyrkamark. I dialog med statsforvaltaren i samband med reguleringsplan for Stølshaugane var det klar tilbakemelding om at det ikkje var aktuelt med meir utbygging i dette området.
- Formålet er i konflikt med nasjonale og regionale føringar for lokalisering av bustader, i forhold til at en skal «oppretthalde kulturlandskapet gjennom å leggje til rette for aktiv drift og ta vare på verdifull landbruksareal»
- Det er ein omfattande prosess å forsøke å få arealet omdisponert til tenesteyting. Ein må i tilfelle først få riktig formål i overordna plan, i tillegg må det detaljregulerast. Framdrifta til prosjektet vil utsetjast minimum 3-4 år.



#### **Gnr./Bnr. 1/20 Flatøy**







Svar på spørsmåla frå utval for Helse og omsorg:

1. Når vil moglegheitstudiet sine svar vere diskvalifiserande for vedtaket om bygging i Skarsvegen 29.

Kriteria for val av lokalitet ligg fast. Fram til i dag har Skarsvegen dei beste eigenskapane sett ut frå dei kriteria som brukargruppa har lagt fram. Difor er Skarsvegen valt som lokalitet i byggjeprogrammet som var vedteke i tidlegare Lindås kommune. No har ein sett på Alver sine behov og skalert prosjektet deretter. Difor skal byggjeprogrammet opp igjen for nytt vedtak. Det har ikkje vore tenkt at anna enn det naudsynte skal endrast. Lokaliteten ligg fast etter at SVV oppgav bandleggingssona for sidearm frå E39.

Moglegheitsstudie skal vise korleis vi på best mogeleg vis kan bruke tomte for å få på plass dei funksjonane som trengs for å bygge eit bufellesskap.

Dei behov som kommunen har for det nye bufellesskapet kan også gje gevinstar i form av høgare standard på veg, tilknytning til offentleg vatn og avløp etc.

Målet for prosjektet er å bygge et anlegg som treff brukarane sine behov på best mogeleg måte. I tillegg skal det gjerast gode tilpassingar til naboar og ålmenta.

Byggjeprogrammet er eitt steg på vegen mot realisering. I tillegg skal også forprosjekt inkludert økonomiske rammer opp til eige vedtak. Økonomi kan vere eitt av momenta som kan gjere at prosjektet stoppar opp.

Behovet for etableringa er stort og kommunen har eit krav på seg til å gje tenester til dei som treng det. Truleg veg dette tungt ved ei avgjerd.

2. Mogleg innverknad frå mogleg veg frå Alversund mot området Tredalsegga via Skarsvegen 29?

Dette alternativet vil ikkje bli tilrådd av SVV, då det kom dårlig ut i den samfunnsøkonomiske analysen deira knytt til utgreiing av ny E39-trase mellom Faltøy og Eikefet. Traseen mot Alversund er skrinlagt frå Statens vegvesen pr no. Kva som vil skje knytt til nasjonale vegprosjekt i framtida er vanskeleg å seie noko sikkert om. Alver kommune har vore i dialog med SVV og dei har ingen innvendingar mot at det blir starta opp arbeid med

moglegheitsstudie og eventuelt detaljregulering parallelt med ferdigstilling av kommunedelplan E 39 Flatøy-Eikefettunnelen.

Dersom ein framover i tid vel å gå tilbake på konklusjonen som ligg i dag, og likevel finn ut at det er samfunnsøkonomisk forsvarleg vil også forutsetningane for vegprosjektet ha endra seg. Det vil verre ein heilt ny prosess med andre og nye hensyn som må kartleggast og vurderast om det blir aktuelt.

### 3. Kor stort blir tapet av dyrka/dyrkbar/landbruksland?

Eigedommen er registrert med 20 daa innmarksbeite. Det kan stillast spørsmål om arealet oppfyller kravet til innlandsbeite i dag. Eigedommen har ikkje vore i aktiv drift de seinaste 10-15 år og er attgrodd. Det må vurderast om til dømes skog hadde vore rettare kategori. Areal ute av drift forfell fort som jordbruksareal. Kommunen har plikt til å halde jordbruksareal i hevd dersom det ligg som LNF. Skarsvegen ligg i dag som offentlig tenesteyting.

Bilde 1 viser kva som idag er registeret som innmarksbeite og produktiv skog  
Bilde 2 er flyfoto over eigedom frå 2020 og tilsvarande foto frå 2000



Gult areal: innmarksbeite

Grønt areal: Produktiv skog



Skarsvegen 29 i år 2020

Skarsvegen 29 i 2000

### 4. Soltilhøve (årsstudie)

Dette vil moglegheitsstudien seie noko om, men ein vil legge til rette for at bustadene blir plassert i på ein slik måte at det vil gi dei beste sol/-skuggetilhøve som tomte kan gje utifrå brukarane sine behov.

### Økonomi/Innsparing i drift av bufellesskap:

Et nytt bufellesskap vil kunne effektivisere drifta og redusere bemanninga med ca. 9-11 årsverk. Det er laga ein kalkyle over bemanningsbehov og lønnskostnader ved å etablere nytt bufellesskap kontra slik det er organisert idag. Ved å etablere nytt vil det vere ein innsparing pr. år på om lag kr. 2,1-2,4 millionar, avhengig av kva for ein bemanningsmodell ein vel å bruke. Skulle prosjektet igjen bli utsett med 3-4 år vil dette gi ytterlegare tapte lønnsinnsparingar på om lag 6-10 millionar. Ein har allereie kome langt i prosjektet med Skarsvegen 29 som lokasjon. Behovet for tilrettelagte bustader for målgruppa er stor. Ved ytterlegare utsetjing av prosjektet vil brukarar enten måtte vente på bustad eller det må etablerast nye individuelle butiltak som er kostbart. Netto kostnad for eit slikt tiltak er estimert til om lag 2,5 millionar kroner pr. år pr. person. Fleire av brukarane bur i dag i eldre bustader som ikkje er optimale for brukarar og tilsette. Det brukast betydelege summer kvart år på særleg tilpasning og oppgraderingar i bustadane. I tillegg kjem kostnader til vedlikehald. Ved å bygge nytt vil det vere store økonomiske innsparingane for kommunen. Skarsvegen som lokasjon er primært valt for at brukarane skal få optimale butilhøve og tilrettelagte bustadar i omgjevnadar som vil vere med å skape trygghet for brukaren. I tillegg vil Skarsvegen som bufellesskap fungere som eit kompetansesenter, der ein har moglegheit for tett oppfølging av de tilsette som vil gjøre at kvaliteten på tenestene vil vore betre.

### Ny økonomisk ramme

Ny økonomisk ramme for byggeprosjektet er vurdert til 36,25 mill. NOK

	opphaveleg budsjett	Endring i denne saka
Ramme ekskl. usikkerheit	22 mill. nok	29 mill. nok
ramme inkl. usikkerheit	25,3 mill. nok	36,25 mill. nok

#### Vedlegg:

Byggeprogram  
- bufellesskap

#### Vedlegg:

Byggeprogram – Omsorgsbustader pluss – menneske med utviklingshemming

#### Vedlegg i saken:

23.05.2022	Byggeprogram - bufellesskap	1742429
22.08.2022	Vurdering habilitet	1788832





**ALVER**  
KOMMUNE

# Framlegg til Byggjeprogram

---

*Omsorgsbustader pluss - bufellesskap*



## Innhold

Innhold .....	0
1. Bakgrunn .....	3
2. Organisering .....	4
3. Brukargruppe.....	5
4. Driftskonsept .....	5
5. Tomteval.....	6
5.1 Premisser for val av tomt: .....	6
6. Funksjonsprogram.....	7
6.1 Bueiningane.....	7
6.1.1 Entré/Gong .....	8
6.1.2 Stove .....	8
6.1.3 Kjøkken .....	8
6.1.4 Soverom.....	8
6.1.5 Bad.....	9
6.1.6 Ekstra rom .....	9
6.1.7 Bod.....	9
6.2 Hjelpemiddel .....	9
6.3 Personalareal.....	9
6.4 Reinholdsrom.....	10
6.5 Tekniske rom .....	10
6.6 Uteareal.....	10
6.7 Parkeringstilhøve.....	10
7. Romprogram.....	11
8. Kvalitetskrav .....	11
8.1 Arkitektur.....	11
8.2 Bygningsmessig .....	12
8.3 Tekniske fag.....	12
9. Offentlege godkjenningar.....	12
9.1 Veg.....	12
9.2 Vatn/Avlaup.....	12
9.3 Straum .....	12
10. Framdrift.....	13
10.1 Planprosess, prosjektering og bygging .....	13

11.	Kostnadsoverslag med finansieringsplan .....	14
11.1	Finansieringsplan .....	14
11.2	Entreprenörmodell .....	14
12.	Tilskott og støtteordningar .....	15
12.1	Husbanken .....	15
12.2	Enova .....	15
12.3	Klimasatsmidlar .....	15
13.	Prosedyre for innkjøp av inventar og utstyr .....	15

## 1. Bakgrunn

Kommunen skal tilby opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan gje brukaren nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester (Lov om kommunale helse- og omsorgstenester mm, §3-2 a)

Det vart i Formannskapet i Lindås kommune 18.02.2016 samrøystes vedteke prosjektmandat for utarbeiding av byggeprogram for bufellesskap (saksnr 013/16, arkivsak 16/466). Mandatet gjev ikkje høve til å starte prosjektering eller bygging før utarbeidd byggjeprogram er godkjent politisk. Gjennom Bustadsosial handlingsplan 2017-2021 vedteke i KO 21.juni 2017 er det lagt fram behov om etablering av sju omsorgsbustader pluss for funksjonshemma der ein av desse skal vere ein avlastningsbustad/akuttbustad.

I samband med vedteke mandat vart det sett av 16 mill. NOK i gjeldande økonomiplan for dei neste tre åra. Av desse er 5,9 millionar rekna som statleg tilskot. Prosjektet var første gong oppe til orientering i samband med økonomiplanarbeidet på Voss i 2013. Kostnaden for prosjektet var estimert ut frå dei behova ein då såg.

Sidan vedteke prosjektmandat har prosjektet møtt på ulike utfordringar som har gjort at realisering av nytt bufellesskap har teke lengre tid enn planlagt. Samtidig har Lindås kommune blitt ein del av Alver kommune og behova hjå kommunen har derfor endra seg for denne brukargruppen. Ein har på nytt måtte sjå på behova til den nye kommunen i sin heilheit. Behova i dag er fem til seks omsorgsbustader pluss med tilhøyrande personalbase.

Det har vært arbeidet med Skarsvegen 29 som mogleg tomt for nytt bufellesskap.

Gjennom 2018 ble det arbeidet med omregulering av tomten til offentlig tenesteyting og dette ble vedtatt gjennom ny kommunedelplan for Knarvik – Alversund oktober 2019.

Gjennom arbeidet med kommunedelplan for E39 Flatøy – Eikefet-tunnelen bandla Statens vegvesen (SVV) store områder under utgreiing av moglege trasear. Skarsvegen 29 ble berørt av bandlegginga som følgje av alternativ trase V7C og har føre til stor usikkerheit rundt prosjektet. Usikkerheita låg i når bandlegginga vil bli oppheva og når ein kan komme vidare med arbeidet. Ein valte derfor å avvendte prosjektet i påvente av utgreiinga frå SVV.

Etter fleire handendingar til SVV utan konkrete svar la vi fram ein førespurnad om utvida mandat for å sjå på andre alternative tomtar for nytt bufellesskap. Mandat ble vedtatt i kommunestyret hausten 2020.

Det ble satt ned ein ny arbeidsgruppe som skulle arbeide fram nye alternative tomtar. Dette arbeide har på gått gjennom første halvår av 2021. Arbeidsgruppa kom fram til tre moglege plasseringar, men av ulike årsaker vart det vanskeleg å få etablert eit nytt bufellesskap på disse lokasjonane. Parallelt med dette arbeidet konkluderte SVV at ein ikkje vil tilrå alternativ trase V7C i planforslag til kommunedelplan for E39 Flatøy – Eikefet-tunnelen.



Det ble deretter utarbeidet en ny henvendelse til SVV for å få deres synspunkt om ønske av oppstart av moglegheitsstudie og påfølgende detaljregulering for Skarsvegen 29. Dette hadde SVV ingen innvendinger mot.

Det er eit stort behov for nye omsorgsbustader pluss (heldøgns bemanna) for gruppa funksjonshemma i Alver kommune. Alver kommune har tilbod til denne gruppa i Knarvik, Frekhaug og Manger.

Behovet hjå kommunen sine kundar er definert til å vere eit nytt bufellesskap med skjerma lokalisering. I dette tilfellet tyder det i landlege omgjevnader i ca. 10-15 min køyreavstand frå Knarvik.

## 2. Organisering

Utarbeiding av byggjeprogram har vært delt inn i to periodar. Den første perioden er frå oppstart av prosjektet i Lindås kommune med de behov ein hadde da. Periode to er etter samanslåinga til Alver kommune, der ein måtte sjå på behova til den nye kommunen i sin heilheit på nytt.

I Lindås kommune har byggjeprogrammet vorte utarbeida gjennom ei prosjektorganisering med prosjektgruppe, arbeidsgruppe og referansegruppe. Det har vore ein brei medverknadsprosess der arbeidsgruppe og referansegruppe har arbeidd parallelt med innspel til byggjeprogrammet gjennom hausten 2017. Det har vore 4 møter i arbeidsgruppa og 3 møter i referansegruppa mellom august og november.

Arbeidsgruppa har vore samansett av einingsleiar for eining for funksjonshemma, hovudtillitsvalt og vernepleiar i bufellesskap, miljøterapeut i Aleris/Lindås kommune, fagleiar bustadkontoret, avdelingsleiar for drift og vedlikehaldsavdelinga i kommunen, fagarbeidar drift /vedlikehald og prosjektleiar frå eining for eigedom.


Referansegruppa har vore samansett av lokallagsrepresentat frå Norsk Forbund for Utviklingshemma (NFU), avdelingsleiar for funksjonshemma, representant frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF), rådgjevar frå Habiliteringstenesta i Bergen (1 møte), rådgjevar frå Forvaltningskontoret, tillitsvalt frå Fagforbundet og verneombod frå Avlastingsavdelinga i Lindås kommune.

Prosjektgruppa har vore leia frå eining for eigedom med prosjektmedarbeidarar frå eining for funksjonshemma og bustadkontoret i Lindås kommune.

I Alver kommune ble det oppretta ein ny arbeidsgruppe beståande av tenesteleiar, avdelingsleiar og miljøterapeut frå Habiliteringstjenesten, representant frå NFU, hovudtillitsvalt og tenesteleiar og prosjektleiar frå eigedomsforvaltninga. Arbeidsgruppa har arbeida vidare med byggjeprogrammet frå tidlegare Lindås kommune og gjort endringar og tilpassingar ut i frå behova til den nye kommunen. Gruppa har hatt sju møta i perioden frå februar 2021 – Januar 2022. Fyrste del av perioden ble brukt til befarig og utarbeiding av forslag til ny plassering av bufellesskapet. Andre periode har gått med til å utarbeide byggjeprogram, da Skarsvegen igjen blei val som lokasjon for bufellesskapet etter opphevinga av bandleggingssona i området. Byggjeprogrammet har blitt noko endra, som følgje av at behova for brukargruppen har endra seg etter samanslåinga til Alver kommune.

Gjennom byggjeprogrammet har ein arbeidd fram tre kjerneverdier for prosjektet. Kjerneverdiene er testa på referansegruppa. Dei tre orda skal reflektera viktige verdier både for brukarar, pårørande og tilsette: **Tryggleik – kunnskap – livskvalitet**

Tryggleik-omgrepet reflekterer at brukaren skal ha ei kjensle av tryggleik i sin heim og med dei som arbeider i bufellesskapet. Det er også svært viktig at personalet skal kjenne seg trygge på jobb. Tryggleik er ein føresetnad for livskvalitet for brukaren og trivsel på arbeidsplassen.



### 3. Brukargruppe

Gjennom Bustadsosial handlingsplan 2017-2021, kapittel om personar med funksjonshemming, er det definert kva for ei brukargruppe som er prioritert for dei nye omsorgsbustadene. Det er ei brukargruppa som treng tenester og tilsyn heile døgnet. Bustadene skal vera tilpassa for personar med vanskar/utfordrande åtferd som har behov for godt tilrettelagte og skjerma bustader. Det er ikkje behov for eller ønskjeleg med fellesareal slik det er i dei eksisterande bufellesskapa.

For målgruppa er det ønskjeleg med bustad som er meir skjerma i høve til butikk, kjøpesenter, naboar m.m. Dette gjeld personar som treng tett personaloppfølging for å styre eiga åtferd i situasjonar med mykje folk og inntrykk. Ein lokasjon i landlege omgjevnader med godt tilrettelagt uteareal vil føre til færre konfliktsituasjonar og mindre behov for grensesetjing. Slik vil ein kunne gje desse personane større fridom og betre livskvalitet.

Kvar bebuar har individuelle behov og det er slik sett ei utfordring å planlegge einingane over same lest. Byggjeprogrammet legg opp til ein fleksibilitet der einingane ved behov vil bli tilrettelagte med særleg individuelle tilpassingar for den enkelte bruker. Slik kan ein tilby optimale typar bustader ut frå behov hjå den enkelte. Dette er tydelegare skildra i kapittelet som omhandlar sjølve funksjonsprogrammet.

### 4. Driftskonsept

Bufellesskapet vil krevje heildøgns bemanning. Brukarane har behov for ei skjerma lokalisering. Det er samstundes eit poeng at bufellesskapet ligg i nærleiken av sentra med andre offentlege tenestetilbod, base for beredskap og personale. Dette heng også saman med rekruttering til bufellesskapet som arbeidsplass. Ved ei landleg lokalisering kan ein få til ein god kombinasjon av tradisjonell drift av eit bufellesskap og dagaktivitetar som gjev bebuarane moglegheit for fysisk

aktivitet knytt til opparbeiding av hage, rydding av skog og kratt, enkelt vedlikehald og skjøtsel av eigedomen i tillegg til gode tilhøve for ulike former for friluftsliv. Målet for dei fleste er likevel å ha eit individuelt tilpassa arbeids-/aktivitetstilbod på dagtid utanfor bustaden.

## 5. Tomteval

Lokaliseringa av eit nytt bufellesskap vart forankra i Bustadsosial handlingsplan for Lindås kommune gjennom vedtak i juni 2017. I planen er det meldt behov for ei skjerma lokalisering eit lite stykke frå eitt av dei tre definerte sentra i kommunen. Det er behov for fem til seks einingar og ein personalbase i bufellesskapet.

I førebuande møte for prosjektet «byggjeprogram for nytt bufellesskap» vart det sett opp nokre kriteria for val av tomt sett ut i frå behova hjå den brukargruppa som vi ikkje har eit fullgodt tilbod til i dag.

Ved å leggje eit nytt bufellesskap for desse personane på ei stor tomt med skjerma lokalisering, kan vi utvikle eit tilbod som gjev gode tenester og tryggleik for bebuarar og tilsette i bustadene.

### 5.1 Premisser for val av tomt:

- God avstand til naboar
- God avstand til trafikkert veg
- God avstand frå butikk/senter
- Lite støy/uro
- Mogelegheiter for uteaktivitetar/hage tilpassa ulike brukarar
- Plass til parkering for 8-10 bilar (gjestar/tilsette)
- Bør liggje i 10-15 min radius frå sentra i kommunen
- Bør vere ei romsleg tomt
- Eit lite småbruk kan gje dei premissane vi ser etter

Skarsvegen 29 gnr. 137/20 i Alversund vart lagt ut for sal i september 2017. Eigedomen er 25 mål og har to bygningar - eit mindre våningshus og ei lita løe. Området ligg godt skjerma frå veg og naboar. Samstundes er arealet sentralt med om lag 7-8 min kjøring til Knarvik sentrum.

Eigedomen låg tidlegare i LNF område, men ble omregulert til offentleg tenesteyting i den nye kommunedelplanen for Knarvik – Alversund vedtatt oktober 2019 og oppfyller formålet til prosjektet. Det er ikkje reguleringsplan i området. Eigedomen har ikkje vore i aktiv drift dei seinare åra og er i gjengroing. Eigedomen er ikkje kopla til offentleg vatn og avlaup pr idag.

Det har vore dialog med Landbrukskontoret vedrørande eigedomen i samband med kjøpet.

Lindås kommune kjøpte hovudteigen av dette bruket (25 mål) 4.september 2017 for 3,5 mill. etter ei bodrunde.





## 6. Funksjonsprogram

### 6.1 Bueiningane

Bueininga er bebuaren sitt private areal. Bueininga skal vere oversiktleg, funksjonell for brukar og personell og ha ei heimleg atmosfære. Det er viktig at løysingane er funksjonelle og fleksible slik at bruken kan tilpassast endra behov over tid. Bueininga skal ha eit nettoareal på minst 55 m<sup>2</sup> jamfør Husbanken sine krav til storleik for å få tilskot. Storleik og utforming må vere tilrettelagt for tryggleik både for brukarane og personalet. Bueininga skal vere universelt tilgjengeleg og ikkje ha trapp. Dersom dette likevel er hensiktsmessig til bruk for personell, må det vera tillaga med ei eigen sluse før trappa begynner. Kvar eining skal innehalde stove, kjøkken, soverom, bad, gong og bod. I tillegg skal alle einingane ha eit ekstra rom som kan brukast til dømes som spillrom, arbeidsrom, «pauserom». Det vil vere ulik bruk av dette rommet avhengig av beboer. Det skal brukast materialar som tolar robust bruk og ikkje ha skarpe kantar/hjørner.

Det skal tilstrebast at kvar bueining har eit eige skjerma uteareal/terrasse. Uteområdet vil i nokre tilfelle ha særleg individuell tilpassing. Arealet må sikre mogelegheit for både sol og skugge.

Det skal leggest opp til bruk av velferdsteknologi i alle bueiningane.

Det skal leggest opp til kabla alarmsystem frå alle leilegheitene til personalbasen jfr. tilrådingar frå Husbanken.

Det bør vere elektronisk lås system slik at bebuar kan komme inn til seg sjølv utan bruk av nøklar, eksempelvis ved ansiktsgjenkjenning eller fingeravtrykk.

Bueiningane må være utforma for tryggleik, slik at ein kan gå gjennom leilegheitene i ein sirkel utan å bli hindra. Til dømes skal det vere 2 dørar til bad , soverom, stove og kjøkken. Det er ønskjeleg med minst mogeleg dører inne i husværet. Dette kan til dømes løysast med skyvedører som står opne. Det skal vere moglegheit for at to tilsette hjelper bebruar ved behov. Vinduer må vere godt isolerte og uknuselege. Vindauge må ha moglegheit for blanding. Materialkvalitet må vere solid og enkel å vedlikehalde.

Plassering og utforming av einingane må vere slik at det vert begrensa innsyn og inntrykk frå andre utanfrå. Inngongspartiet må også være tilrettelagt slik at ein kan unngå møtepunkt mellom bebruarane. Vinduer må ikkje vere vendt mot parkeringsplass eller der det er stor trafikk av kjøretøy eller personar. Disse bør vendes mot skog/natur. Dette gjelder spesielt soverom og stue.

Det må vera god lydisolering mellom rom i bueinga, mellom dei ulike bueingane og frå støy utanfrå.

Det bør leggjast opp til at kvar bueining har parkeringshøve til eiga bil nær inngangsparti. Om mogleg er det ynskje om carport med tilhøyrande bod. Ladepunkt.

#### **6.1.1 Entré/Gong**

Gongen til det enkelte husvære skal ha plass for eventuelle hjelpemiddel for den enkelte bebruar. Det må også vere høve for lading av elektriske hjelpemiddel. Alternativt kan parkering/oppstillingsplass for større hjelpemiddel være tilknytt bod ved carport. Det skal vere plass for oppbevaring av ytterklede og sko til bebruar og gjester. Overgang mellom inne/ute må vere terskelfri med universell utforming. Ytterdør bør vere tilrettelagt for velferdsteknologi. Det er ein fordel med dør mellom gang og stove med tanke på lydisolering.

#### **6.1.2 Stove**

Stove må ha rom for dagleg aktivitet, TV, sofagruppe, plass til hyller for oppbevaring, spiseplass for bebruar og gjestar. Det må vera god golvplass, ikkje skarpe kantar/hjørner og utgang til privat uteareal. Storleik 15 – 20 kvm

#### **6.1.3 Kjøkken**

Kjøkkenet skal vere eit eiga rom, også her utan skarpe kantar/hjørner. Kjøkkenet skal ha plass til og opplegg for komfyr, kjøleskap og oppvaskmaskin. Det er ein fordel om kjøkkeninnredning er plassert langs ein vegg slik at ein unngår vinkel/hesteskoform på kjøkkenet. Det må brukast materialar som toler robust bruk. Kjøkkendel vil i dei fleste bueiningane ha individuell tilpasning og nokre kjøkken må kunne låsast av. Eventuelt at ein byggjer eininga slik at ein lett kan innlemme og tilretteleggje for dette ved framtidig endring av bruk. Storleik 10 kvm. I nokre tilfelle kan det vere aktuelt med eit mindre, enkelt utstyrt kjøkken i tillegg.

#### **6.1.4 Soverom**

Soverom skal primært planleggast med ei seng. Det må vere plass til seng, (min 2m x 1,2), nattbord og 1.5 m garderobeskap. Det må vere mogeleg å innreie rommet slik at assistent har passasje på kvar side av senga og det er snuareal for rullestol ved enden av sengen. Soverommet skal ha direkte tilgong til bad. Storleik 10 – 15 kvm.

### 6.1.5 Bad

Badet skal ha plass til WC, servant, dusj, oppbevaringsseksjon, vaskemaskin og tørketrommel i søyle. Dusj må være plassbygget, ikkje kabinett og dusjslange må berre kunne nyttast i dusjona. God plass som er tilrettelagt for stell i dusj.

Innreiing skal vere produkt som ikkje lett kan øydeleggast eller demonterast. Integreerte løysningar og i nokre tilfelle bør disse vere av stål. Det må vere god avstand frå toalett til vask og anna inventar. Det skal vere tilgang til baderom frå to stader der den eine skal vere frå soverom. Badet bør ha storleik på minst 15 kvm.

### 6.1.6 Ekstra rom

Dette vil være bebuar sitt private «frioråde» hvor ein kan trekke seg tilbake. Rommet vil brukast til dømes som spillrom, arbeidsrom, «pauserom». Det vil være ulik bruk av dette rommet avhengig av bebuar. Godt tilrettelagt for nett/wifi.

### 6.1.7 Bod

Kvar bueining skal ha 8 m<sup>2</sup> lagringsareal. Innebod skal vera funksjonell og effektiv med plass for lagring av eventuelle hjelpemiddel. Inneboda må ha storleik min 4 m<sup>2</sup>. Det skal vere ein bod inne og ein bod ute tilhøyrande kvar bueining.

## 6.2 Hjelpemiddel

Brukargruppa har pr i dag lite behov for hjelpemiddel. Dette behovet kan endrast gjennom livsløpet. Arbeidsgruppa ser det som viktig at ein tenker fleksibilitet og legg til rette for meir enn ei brukargruppe. Aktuelle hjelpemiddel som bør leggest til grunn ved dimensjonering av eit nytt bufellesskap er:

- Rullestol (funksjonelle mål 133x80). Manøvreringsareal skal visast i alle rom. Passasje for rullestol skal vere minst 90 cm.
- Rekkehøgde dimensjonert både for ståande og sitjande personar. Dette gjeld også ved plassering av brytarar og støpsel.
- Stellebenk og dusjstol

## 6.3 Personalareal

Det er gjort enkle vurderingar knytt til personalkapasitet i byggjeprogrammet. Med fem til seks brukarar må ein ha 10-12 personar på jobb samstundes dag og kveld. I tillegg kjem eventuelt administrativt personell.

Bufellesskapet vert bemanna heile døgeret og ein må legge opp til 2-3 personar på jobb om natta.

Personaldelen må innehalde:

- Dusj
- 2 toalett
- Kontor for avdelingsleiar
- Kontor med 2 arbeidsstasjonar for tilsette
- 1-2 soverom for kvilande nattevakt
- Kombinert stove/møterom/opphaldsrom for plass til 15 personar

- Garderobe/gang for å henge av seg klede.
- Kjøkken som er stort nok og eigna for å lage og oppbevare mat til dei bebuarane som ikkje kan ha dette i eigen bustad. God kapasitet på kjøleskap og lager for mat. Dobbelt kjøkken.
- Vaskerom med plass til to vaskemaskiner (industriell) og tørketrommel
- Bod/lager for utstyr og materiell
- Medisinrom som er låsbart
- Trådlaust internett i heile bygget
- Kabling mellom personalbase og einingane, klargjort for digitalt tilsyn.
- Ønske om trim-/aktivitetsrom.

Lokalisering og utforming av personalbasen i høve til bueingane er svært viktig. Dette er avgjerande for ressursbruken (antal personell på jobb) og tryggleiken til bebuarar og tilsette. Ein må kunne gå tørrskodd frå personalbase til alle bueingane. Tilgang frå personalbase til einingane bør vere via gong/entre og ikkje via lang korridor.

Blir personalbase eit bygg på to etasjar, er det ønskeleg at kontor og soverom plasserast her. Eventuell bruk av eksisterande bustad på tomte må vurderast.

#### **6.4 Reinhaldsrom**

Reinhaldsrommet må vere eit eige rom i tilknytning til vaskerommet på personalbasen. Rommet må ha plass til vaskemaskin, reinhaldstralle og ha utslagsvask og sluk i golv.

#### **6.5 Tekniske rom**

Tekniske rom bør haldast utanfor bebuararealet. Dette rommet bør vere tilknytt personalbasen. Om mogleg er det ønskeleg at bueinganes varmtvasstank, stoppekraner, sikringsskap, varmestyring etc. samlast her. Det må vere god tilkomst for vedlikehald og drift. Enkelte bebuarar vert urolege av å ha tilgang til tekniske skap eller innretningar.

Det vert lagt opp til vassbåren varme med el-oppvarming i bueingane.

Personaldelen må også ha ei sekundær oppvarmingskilde for beredskap. Det bør leggest opp til eit permanent nødstraumsaggregat i beredskap ved straumbrot.

#### **6.6 Uteareal**

Uteareal skal ha ei enkel utforming som krev lite vedlikehald. Det må vere fast belegg på gangvegar inn mot bygningane og på parkeringsarealet. Belegg på uteoppfallsareal må ha ei overflate som er sklisikkert, og det skal ikkje leggjast opp til laust utstyr. Utearealet skal utformast universelt med gode og funksjonelle løysingar for bebuar og personale. Alle bueingane må ha eige uteareal som er godt skjerma frå andre. Dei må også ha eigen tilkomst til husværet med oppstillingsplass for ein bil tett ved husværet.

#### **6.7 Parkeringstilhøve**

Det må vera tilgjengeleg parkeringsplass for tilsette, gjestar og bebuarar. Parkeringsplassen må liggje litt tilbaketrekt i høve til bueingane. Parkeringsbehov heng saman med antal personale som er på staden samstundes. Det er pr. no ikkje særskilt behov for ekstra p-plassar for større HC-bilar ut over krav i føresegner. Parkeringsløyising må gje rom for snuareal til brøyting, bosshenting og tilrettelagt for utrykkingskøyretøy etc.

## 7. Romprogram

Rom	Estimert storleik ut frå behov	Husbanken sine krav *)	Husbanken sine anbefalingar
Gang	4-6 m <sup>2</sup>		
Stove	15-20 m <sup>2</sup>		
Kjøkken	10 m <sup>2</sup>		
Soverom	10-15 m <sup>2</sup>		
Innebod	4 m <sup>2</sup>	Min 3 m <sup>2</sup>	
Bad	15 m <sup>2</sup>		Tilpassa eventuelle rullestolbrukar
Ekstra rom	8 m <sup>2</sup>		
Vaskerom	4 m <sup>2</sup>		
Utebod	5 m <sup>2</sup>	5 m <sup>2</sup>	Totalt bodareal min.8m <sup>2</sup>
Privat uteareal			
Korridorbreidde			Min 150-210 cm
Manøvreringsareal el. rullestol		150*150	160x160cm
Passasje, rullestol:		Min 90 cm	
Dim. Rekkehøgde:			Mellom 40-135 cm
Dim. Plassering av støpsel for sittande			80-100 cm over golv
Sikthøgde for rullestolbrukar (ref vindaug)			125 cm
Plass til hjelper:	60 x 60 cm		Ved seng, toalett, stell
Pleiestilling for seng		150 cm fri plass på langside og ved ende.	
Maks terskel		1,5 cm	

\*)

- Skal være tilrettelagt for menneske med demens og kognitiv svikt
- Brannklasse 6
- Universell utforming
- Krav i arbeidsmiljøloven
- Tilrettelagt for tilkopling og montering velferdsteknologi, varslingsystem etc.
- Tilfredsstillende krav i PBL og byggeforskriftene

## 8. Kvalitetskrav

### 8.1 Arkitektur

Arkitekturen på bygningane må harmonere med landskapet. Arkitekturen skal vise tilpassing til vestlandsklima når det gjeld utforming av tak og val av material. Arkitekturen skal bidra til at vedlikehaldsbehovet er minimalt. Det skal tilstrebast bruk av standard-storleikar på vindaug og anna



materiell som må skiftast ut over tid der det ikkje er behov for spesialtilpasningar knytt til brukargruppa.

## 8.2 Bygningsmessig

Alle løysingar skal vera tilpassa Husbanken sine spesifikasjonar for tilskot og krav til universell tilgjengelegheit. Husbanken sin rettleiar «Rom for trygghet og omsorg» skal nyttast i planlegginga av omsorgsbustadene. Dersom tilrådingar i rettleiaren vert sett til side skal dette grunnjevast spesielt i høve til brukarbehov.

I spesifikasjonane for dei enkelte rom kan løysingane måtte strekke seg ut over det som er minimumskrav i TEK 17. Dette grunna at TEK 17 har redusert krava til dørbredde og manøvreringsareal i høve til TEK 10. Behova hjå brukargruppa vil vere førande for val av løysingar.

Det må leggjast opp til lydsensitive løysingar for det enkelte husvære.

Eksempel på løysingar som ikkje er fullgode er takvindauge, store vindaugsflater i opphaldsrom.

## 8.3 Tekniske fag

Løysingar skal ha TEK 17 som minimumskrav. Det vert stilt særskilte krav til lydisolering mellom bueiningane, støy frå ventilasjonsanlegg og materialkvalitetar. Husbanken sin rettleiar «Rom for trygghet og omsorg» (2009) skal leggjast til grunn for prosjekteringa. Denne skal vere under revisjon og nyaste versjon må leggjast til grunn for planlegginga.

Del 4 i rettleiaren omhandlar basiskvalitetar og dimensjoneringsgrunnlag. Dette må vere førande i prosjekteringa. Det vert presisert at det som omhandlar omsorgsbustader for rettleiaren skal leggjast til grunn i prosjekteringsfasen.

# 9. Offentlege godkjenningar

## 9.1 Veg

Det er privat veg inn til eigedomen. Denne går over fire bruk. Vegen er grusa pr i dag. Kurvatur og breidde må forbeholdt enkelte plasser.

## 9.2 Vatn/Avlaup

Det er ikkje kommunalt vatn og avlaup til eigedomen pr i dag. Eigedomen har brønn. Ein må ut til offentlig veg ved Helselagshuset før ein kjem inn på kommunalt nett. Ein bør i samråd med naboar finne løysing for tilkopling til kommunalt nett for vatn og avlaup. Alternativet er septik og borhol for vatn på eiga tomt.

## 9.3 Straum

Effektbehov for eit nytt bufellesskap er stipulert til om lag 60 kVA. Næraste trafo heiter NS 20009 Alver. For tilknytning til strømnettet må det monterast eit kabelskap på eksisterande lågspentkabel som kjem frå NS 20009 Alver, for så å dela opp kabelen på to kursar. Frå kabelskapet må det etablerast ein ny linjekurs på eksisterande stolperekke fram til Skarsvegen 29. Ved kryssing av høgspentlinje må linja leggjast i kabel.

Estimert anleggsbidrag for BKK er ca. kr. 200.000, -

## 10. Framdrift

### 10.1 Planprosess, prosjektering og bygging

Det må utarbeidast reguleringsplan for prosjektet.

Ein reguleringsplanprosess tek vanlegvis 1 år. Dette kan slik gjerast parallelt med prosjekteringsprosess, slik at ein har klare planar for bygginga når reguleringsplanen vert godkjent. Prosjektering parallelt med regulering utgjer ein risiko dersom reguleringsplanen ikkje vert vedteke og ein må gjere endringar etter at prosjektering er i gong eller avslutta.

Det har vore orienterande møter med landbrukskontoret og plan vedrørende saka i juni og august 2017.

Forventa framdriftsplan for dei ulike fasane er synleggjort i tabellen under:

	<b>Oppstart</b>	<b>Vedtak/Ferdigstilling</b>
Kommunedelplan	Haut 2017	Desember 2018
Regulering	Juni 2022	Juni 2023
Prosjektering	Januar 2023	Juni 2023
Bygging	Haut 2023	Haut 2024

Prosjektering kan tidlegast starta ved oppstart av reguleringsplanprosessen. Dette fordrar eit tett samarbeid mellom planleggarar, arkitekt og rådgjevargruppe. Prosjektgruppa meiner at realistisk oppstart for prosjekteringsarbeid vert årsskiftet 2023. Ein reknar om lag eit halvt års tid på prosjekteringsarbeidet. Estimert byggetid for bufellesskapet er eitt år.

## 11. Kostnadsoverslag med finansieringsplan

I 2017 estimerte vi dette prosjektet til å koste om lag 22 millionar inklusiv tomtekjøp. Grunna usikkerheit i kostnader knytt til veg, vatn og regulering la ein på 15% usikkerheit. Estimert budsjett for prosjektet vert då 25,3 mill.

I 2022 estimerast prosjektet til å koste om lag 29 millionar inklusiv tomtekjøp. Grunna usikkerheit i kostnadar knytt til veg, vatn, avlaup og regulering vel ein å leggje på 25% usikkerheit. (Dette er eit gjennomsnitt for kalkyleusikkerheit for bygg og VVA for fasen som omhandlar byggjeprogrammet) Estimert budsjett for prosjektet vert då 36,25 mill.

Berekningane som er lagt for grunn for ny estimert kostnad er endring i byggjekostnadsindeks for bustader henta frå SSB. Den viser ein prisstigning på 30% frå 2017 til 2022.

### 11.1 Finansieringsplan

Tid	Tema	Kommunale midlar	Mogelge tilskot/støtte
2022	Kommunalt investeringsbudsjett Bufelleskap	4,6 mill.	16,3 mill. frå Husbanken (45 % av prosjektkostnaden ekskl. personaldel)
2023	Kommunalt investeringsbudsjett Bufelleskap	15 mill.	
2023/24	Kommunalt investeringsbudsjett Bufelleskap	16,6 mill.	
<b>Balanse</b>			
	Kommunalt investeringsbudsjett Bufelleskap	36,2 mill.	
-	Tilskot frå Husbanken	16,3 mill.	
=	<b>Kommunal finansiering</b>	<b>20 mill.</b>	

### 11.2 Entreprisemodell

Basert på ei funksjonsskildring ønsker prosjektet å leggje opp til ein samspelsprosess mot totalentreprise. Det er viktig for Alver kommune å kunne ha tett dialog med totalentreprenør om løysing som dekkjer dei behov og funksjonar som krevst for brukargruppa. Konkurransen legg opp til ei todeling av kontrakten der første del vert å utvikle forprosjektet i samspel med Alver kommune. Basert på eit omforent forprosjekt vert detaljprosjektering og bygging utført som eigen kontraktsdel. Slik vil Alver kommune som byggherre ha direkte påverknadsmoglegheit på utforming i første fase samstundes som prisen vert fastlagt før ein går i gang med detaljprosjekteringa.

## 12. Tilskot og støtteordningar

### 12.1 Husbanken

Husbanken gjev blant anna tilskot til kommunar som skal bygge og rehabilitere omsorgsbustader for personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester. For å ha rett på tilskot må ein planlegge i høve til kriteria som Husbanken har sett. Krava omhandlar dimensjonering og utforming av løysingar, energiløysingar og universell utforming. Krav til utforming og dimensjonering henta frå rettleiar «Rom for trygghet og omsorg». Husbanken set krav om at prosjekta som får tilskot er innarbeida i kommunen sitt årsbudsjett eller 4-årig økonomiplan. Dialog og søknadsprosess mot Husbanken kan starte når det er fatta eit politisk vedtak om oppstart av byggjeprogram.

<https://husbanken.no/tilskudd/tilskudd-investeringstilskudd/>

### 12.2 Enova

Støttar prosjekt som bidreg til innovative energi- og klimaløysingar i bygg. Støtta går til å utgreie bruk av innovative energiløysingar i ein tidleg fase for eit konkret prosjekt. Enova kan gje inntil 1 mill. i støtte, men avgrensa til maks 50 % av godkjente kostnader.

<https://www.enova.no/bedrift/bygg-og-eiendom/konseptutredning-for-innovative-energi-og-klimalosninger-i-bygg-omrader-og-energisystem/>

### 12.3 Klimasatsmidlar

Kommunar og fylkeskommunar kan søke om støtte til prosjekt som reduserer utslepp av klimagassar og bidreg til omstilling til lågutsleppsamfunnet. For bufellesskap vil det vere aktuelt å søke under kategorien «klimatilpassing i sektorar» der ein finn bygg og anlegg. Her kan ein få opp til 3 mill. i støtte eller 75 % av meirkostnaden ved klimavennlege løysingar. Bygget må ha høge ambisjonar som går betydeleg ut over dagens krav og praksis lokalt og nasjonalt. Frist for søknad om midlar er 15. februar 2023

<http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Klima/Klimasats---stotte-til-klimasatsing-i-kommunene/>

## 13. Prosedyre for innkjøp av inventar og utstyr

Alle innkjøp i prosjektet vil følgje Lov om offentlege anskaffingar og Alver kommune sitt innkjøpsreglement.



## Tove Mette Arnø Fyllingen

---

**Fra:** Jarle Landås  
**Sendt:** mandag 13. juni 2022 15:14  
**Til:** Tove Mette Arnø Fyllingen  
**Emne:** SV: Melding om forfall eller inhabilitet til politisk møte - May-Irene Wergeland

Her er min vurdering:

Inhabilitet foreligger automatisk når vedkommende selv er part i en sak, jf forvaltningsloven § 6, 1. ledd eller i nær familie med en part, jf. forvaltningsloven § 6, 1. ledd bokstav b. Videre vil vedkommende blant annet være inhabil dersom det foreligger særlige forhold som er egnet til å svekke tilliten til upartiskheten, jf. forvaltningsloven § 6, 2. ledd. Inhabiliteten gjelder ved tilretteleggelsen og avgjørelsen av saken. Inhabilitetsreglene gjelder ikke dersom *det er åpenbart at tjenestemannens tilknytning til saken eller partene ikke vil kunne påvirke hans standpunkt og verken offentlige eller private interesser tilsier at han viker sete*, jf. forvaltningsloven § 6, 4. ledd. Det er utvalget selv som avgjør inhabilitetsspørsmålet, jf. forvaltningsloven § 8.

Part er i forvaltningslovens § 2, 1. ledd bokstav d definert som en person som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder.

Wergeland har i e-post til kommuneadvokatkontoret presisert at søsteren er en av grunneierne som direkte grenser til den aktuelle tomten og vil være berørt av tilkomstveien.

Søster er med dette part i saken og Wergeland er som utgangspunkt inhabil til å delta i forberedelsen og avgjørelsen av den aktuelle saken, jf. forvaltningsloven § 6, 1. ledd bokstav b. Selv om Wergeland oppgir at hensynet til brukerne utelukkende var avgjørende for hennes engasjement og stemmegivning så er dette i seg selv ikke egnet til å konstatere at det er åpenbart at tilknytningen ikke vil kunne påvirke hennes standpunkt i saken, jf. forvaltningsloven § 6, 4. ledd.

Virkning av inhabilitet:

Utvalget har allerede behandlet saken og problemstillingen er med dette om hvilke følger det har at Wergeland var inhabil under behandlingen. Et vedtak er likevel gyldig *når det er grunn til å regne med at feilen ikke har virket bestemmende på vedtakets innhold*, jf forvaltningsloven § 41. Det er i denne saken vanskelig å klart konstatere om så er tilfellet. Vedtaket i utvalget var enstemmig og dette taler for at inhabiliteten ikke har hatt avgjørende virkning. På den annen side var Wergeland aktiv i saksbehandlingen og det var Wergeland selv som fremmet forslaget som fikk tilslutning i vedtaket og dette bør muligens tillegges avgjørende vekt.

Kommunestyret utsatte endelig behandling av saken i påvente av inhabilitetsvurderingen knyttet til utvalgsbehandlingen. Vedtaket i utvalget har således ikke fått følgevirkning. Anbefalingen er etter dette at utvalget gjør en inhabilitetsvurdering av Wergeland og (eventuelt) fatter et nytt vedtak som gir grunnlag for kommunestyrebehandling.

Mvh

**Jarle Landås** | Kommuneadvokat

Telefon: 402 28 215

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE

**Fra:** Tove Mette Arnø Fyllingen <tove.mette.fyllingen@alver.kommune.no>

**Sendt:** torsdag 2. juni 2022 14:48

**Til:** Jarle Landås <Jarle.Landas@alver.kommune.no>

**Emne:** VS: Melding om forfall eller inhabilitet til politisk møte - May-Irene Wergeland

Hei

Kan du se på dette?

Med helsing

Tove Mette

**Fra:** [miwsp@online.no](mailto:miwsp@online.no) <[notifications@cognitoforms.com](mailto:notifications@cognitoforms.com)>

**Sendt:** torsdag 2. juni 2022 14:42

**Til:** Tove Mette Arnø Fyllingen <[tove.mette.fyllingen@alver.kommune.no](mailto:tove.mette.fyllingen@alver.kommune.no)>; Nora M. K. Gjerde <[nora.gjerde@alver.kommune.no](mailto:nora.gjerde@alver.kommune.no)>; Arthur Kleiveland <[arthur.kleiveland@alver.kommune.no](mailto:arthur.kleiveland@alver.kommune.no)>

**Emne:** Melding om forfall eller inhabilitet til politisk møte - May-Irene Wergeland

## Oppføring detaljer

### Personvernerklæring

EG SAMTYKKAR TIL HANDSAMINGA AV DESSE PERSONOPPLYSNINGANE  Ja

EG ØNSKJER Å MELDE  Inhabilitet

NAVN

E-POST

MØTETS NAMN

MØTETS DATO

ÅRSÅK

kommuneadvokaten vurderar dette. Ei søster av meg er nabo til det planlagte tiltaket, og eg drøfta derfor kort spørsmålet om habilitet med utvalsleiar innan handsaminga.

Frå mi side (som for resten av utvalet) er det utelukkande omsynet til brukarane av tiltaket som har vore utslagsgjevande for å avvise bufellesskapet, ikkje i kva grad eit slikt bufellesskap eventuelt kunne medføre ulempar for naboane. RMNF avviste samrøystes den aktuelle tomten, og det same gjorde NFU i brev utvalsleiar har motteke.

I dette møtet galdt det føreslåtte vedtaket gjennomføring av eit mulighetsstudie, ikkje vedtak om faktisk gjennomføring eller plassering. Med dette som utgangspunkt trudde vi ikkje at eg var ugild, men er er sjølvsagt open for at denne vurderinga kan vere feil.

---

SIGNATUR

Fanget

---



**Arkiv:** <arkivID><jplD>  
PlanID-2022001,  
Plannavn-  
Kommuneplanen sin  
arealdel for Alver,  
Komnr-4631, FA-L13

**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 24.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/22	Eldreråd	05.09.2022
034/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	05.09.2022
030/22	Ungdomsråd	05.09.2022
033/22	Utval for helse og omsorg	06.09.2022
	Utval for næringutvikling og drift	
	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	
	Alver formannskap	

## Kommuneplanen sin arealdel for Alver - Planprogram på høring

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram for politisk drøfting.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for helse og omsorg, utval for næringsutvikling og drift og formannskapet.

Vedtak i dei ulike råd og utval teke med i politisk sak om planprogrammet etter høring og offentleg ettersyn. Etter høringa skal planprogrammet handsamast i utval for areal, plan og miljø, før endeleg vedtak i kommunestyret.

### Bakgrunn

15. juni 2020 vedtak utval for areal, plan og miljø å sende planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel for Alver ut på høring og offentleg ettersyn.

Høyringsfrist er 15. september 2022.

Planprogrammet skal til handsaming i utval for areal, plan og miljø 5. oktober, med sikte på endeleg vedtak i kommunestyret 20. okt. 2022.

Administrasjonen er bedt om å løfte opp planprogrammet som sak til alle politiske råd og utval, slik at utvala kan gje eventuelle innspel til planprogrammet.

### Saksopplysninger:

Kommuneplanen er todelt, og består av ein samfunnsdel og ein arealdel. 19. mai 2022 vedtok kommunestyret i Alver samfunnsdelen. Samfunnsdelen seier korleis vi vil utvikle samfunnet, kva vi skal satsa på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å koma dit. No arbeider vi med kommuneplanen sin arealdel for Alver. Arealdelen seier korleis vi skal utvikle areala våre, kva vi skal leggje til rette for kor i kommunen, til dømes kor vi skal byggje nye hus, vegar, møteplassar og næring.

Alle planar med vesentleg verknad for miljø og samfunn skal ha eit planprogram, jf. plan- og bygningslova §4-1.

Planprogrammet skal vise planområdet, føremål med planen, kva tema som skal vurderast, utgreiingsbehov, korleis planarbeidet er organisert, opplegg for medverknad og framdriftsplan. Det er planprogrammet som er på høyring no.

For tilgang til planprogrammet som er på høyring, sjå høyringssida for planarbeidet: [Alver kommune - Planprogram for arealdelen i kommuneplanen på høyring](#)

**Vedlegg i saken:**

25.08.2022	Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel - Alver kommune - Framlegg til vedtak om høyring og offentleg ettersyn	1790670
------------	--	---------

**Arkiv:** <arkivID><jplD>  
PlanID-2022001,  
Plannavn-  
Kommuneplanen sin  
arealdel for Alver,  
Komnr-4631, FA-L13

**JournalpostID:**

**Sakshandsamar:**

**Dato:** 30.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
092/22	Utval for areal, plan og miljø	15.06.2022

## **Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel - Alver kommune - Framlegg til vedtak om høyring og offentleg ettersyn**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-12 og § 11-13 vedtek utval for areal, plan og miljø oppstart av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, og å leggje ut planprogram for kommuneplanen sin arealdel til høyring og offentleg ettersyn, med dei endringane som kjem fram i saka.

### **Utval for areal, plan og miljø 15.06.2022:**

#### **Handsaming:**

Orientering til saka v/Kristin Nåmdal-tenesteleiar Plan og analyse og Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse  
Saka vart teken opp att og handsama med endringsframlegg på slutten av møtet.

#### Tilleggsframlegg frå Ingrid Fjeldsbø-H:

*Arealplanen skal til 1.gangs handsaming innan sommaren 2023.*  
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### Endringsframlegg frå Leif Taule-Sp:

*Pkt. 4.2 Landbruk*

*Punktet vert endra til: Enklare å byggje hus nr. 2 og 3 på garden, så lenge desse er meint å vera ein ressurs på garden.*

Framlegget fekk 1 røyst og fall (Leif Taule-Sp)

#### Endringsframlegg frå Ingrid Fjeldsbø-H:

*Som kommunedirektøren minus "med dei endringane som kjem fram i saka"*  
Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **APM- 092/22 Vedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-12 og § 11-13 vedtek utval for areal, plan og miljø oppstart av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, og å leggje ut planprogram for kommuneplanen sin arealdel til høyring og offentleg ettersyn. Arealplanen skal til 1.gangs handsaming innan sommaren 2023.

### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for areal, plan og miljø.

### **Bakgrunn**

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna, heilskaplege styringsverktøy og har to deler:

- Samfunnsdelen, som legg føringar for samfunnsutviklinga og tenester
- Arealdelen, som fastsett arealutviklinga, vekst og vern i kommunen

For alle planar med vesentleg verknad for miljø og samfunn skal det utarbeidast eit **planprogram**, jf. Plan- og bygningslova § 4-1. Planprogrammet skal vise planområdet, føremål med planen, kva tema som skal vurderast, utgreiingsbehov, korleis planarbeidet er organisert, opplegg for medverknad og framdriftsplan.

### **Høyringsperiode**

Varsel om planoppstart vil skje på same tid som planprogrammet vert sendt på høyring og offentleg ettersyn. Etter høyring og offentleg ettersyn skal planprogrammet til endeleg handsaming i utval for areal, plan og miljø, før planprogrammet vert fastsett av kommunestyret.

Parallelt med høyring av planprogrammet vert det opna opp for å gje innspel til arealdelen. Jamfør plan- og bygningslova § 11-13 skal planprogrammet ligge ut til høyring og offentleg ettersyn i minimum seks veker.

Høyring og innspelsperiode vert i sumarperioden.

Kommunedirektøren tilrår at frist for innspel til planprogrammet og frist for å gje innspel til arealdelen vert satt til 15. september 2022.

### **Saksopplysninger:**

19. mai 2022 vedtok kommunestyret i Alver kommuneplanen sin samfunnsdel. Hovudmål, delmål, vegval og prinsipp for arealbruk i samfunnsdelen, er førande for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Framtidsvisjon for Alver

**Vi vil at det skal vere godt og attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdiar i Alver kommune, med vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter. Vi vil utvikle oss som eit biosfæreområde og vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. Vi vil utvikle heile kommunen.**

Hovudmåla frå samfunnsdelen:

- Alver er eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender
- Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som landets fremste industriklynge
- Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv, som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga
- Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse

I dag er det seks planar som til saman dekkjer Alver kommune og som skal erstattast av kommuneplanen sin

arealdel for Alver:

- Kommunedelplan Radøy (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Meland (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Lindås (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (vedtatt 2015)
- Kommunedelplan Lindåsneset med Mongstad (vedtatt 2010)

Kommuneplanen sin arealdel er bestilt i planstrategien for Alver kommune 2021- 2024, vedtatt i kommunestyret den 25. mars 2021.

Hovudmål for planarbeidet:

Kommuneplan sin arealdel skal bidra til at det er godt og attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdiar i Alver kommune.

Effektmål for planarbeidet:

1. Kommuneplanen sin arealdel for Alver skal erstatte dei seks kommunedelplanane som per i dag, samla sett, er gjeldande overordna plan for Alver kommune.
2. Arealdelen skal følgje opp føringar frå samfunnsdelen.
3. Ein felles plan vil samordne og oppdatere politikken som ligg i dei seks gjeldande kommunedelplanane.
4. Ein felles plan vil gje meir føreseielege rammer for innbyggjarar og næringsliv
5. Ein felles plan vil forenkle og effektivisere sakshandsaminga i Alver kommune

Plan- og bygningslova gjev rammer for kva som må vurderast og korleis prosessen for utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel skal vere. Utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel er ein kompleks prosess, kor mange ulike omsyn skal vektast opp i mot kvarandre. Arbeidet stiller høge krav til oppdatert kunnskapsgrunnlag og gode prosessar både ut mot innbyggjarar, internt i administrasjonen og mot det politiske nivå.

#### **Vidare prosess etter høyring og offentleg ettersyn**

1. **Planprogrammet.** Administrasjonen samanfattar innkomne innspel til planprogrammet, og utarbeider politisk sak om 2. gangs handsaming av planprogrammet til kommuneplanen sin arealdel.
2. **Innspelsperioden.** Alle som sender inn innspel til planarbeidet mottar eit standard svar med informasjon om vidare prosess. Administrasjonen legg alle innspel inn i nordhordlandskart.no og utarbeider ei tilråding til grovsiling av innspela til politisk styringsgruppe. Tilrådinga vil omhandle kva innspel som skal takast med vidare til konsekvensutgreiing og kva innspel som skal silast vekk. Tilrådinga til grovsiling vil ta utgangspunkt i dei føringane som er lagt i kap. 5 i planprogrammet.

#### **Oppbygging av planprogrammet**

Planprogrammet er bygd opp med følgjande hovudkapittel:

1. Innleiing
2. Organisering og framdrift
3. Medverknad og kommunikasjon

4. Hovudtema i planarbeidet
5. Innspel til arealdelen
6. Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsvurdering

Nasjonale, regionale og lokale føringar og kunnskapsgrunnlag for planarbeidet er lagt inn som vedlegg til planprogrammet.

#### Kap. 1 Innleiing

Inneheld omtale av utviklingstrekk, bakgrunn og mål, informasjon om kva ein kommuneplan og eit planprogram er, samt informasjon om hovuddokument til kommuneplanen sin arealdel.


#### Kap. 2 Organisering og framdrift

Organiseringa og framdrift for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er presentert i kap. 2 i planprogrammet.

Utval for areal, plan og miljø er politisk styringsgruppe for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Den politiske styringsgruppa skal delta aktivt i planprosessen, få orienteringar om planarbeidet og fatte formelle vedtak om vegval undervegs i prosessen (prosessvedtak). Møtene i styringsgruppa kan vere både arbeidsmøter og vedtaksmøter.

#### Kap. 3 Medverknad og kommunikasjon

Gjennom medverknadsprosessen som er gjennomført i samband med samfunnsdelen har vi god kunnskap som vi skal bygge vidare på inn i arbeidet med arealdelen. Kap. 3 inneheld opplegg for medverknad i planarbeidet. Fase 1, oppstart, planprogram og innspelsperiode er meir detaljert enn opplegget for fase 2 og fase 3. Fokus i fase 1 er å nå ut med informasjon. Det vert ikkje lagt opp til mange møter i den fasen. Verkstader og møter om konkrete tema skal gjennomførast i fase 2. Detaljane for fase 2 og fase 3 skal fastsettast i det vidare planarbeidet.



#### Kap. 4 Hovudtema i planarbeidet

Val av hovudtema er basert på samfunnsdelen for Alver, erfaringar og utfordringar med dei seks gjeldande kommunedelplanane og overordna føringar. Kapitlet er bygd opp rundt dei fire hovudmåla frå samfunnsdelen. Utgreiingane som må gjennomførast i planarbeidet er presentert i kap. 4.5.

#### Kap. 5 Innspel til arealdelen

Eit innspel til kommuneplanen kan vere eit råd, ein ide eller eit ynskje frå innbyggjarane, og er eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunen. Den kunnskapen kommunen får gjennom innspela vert vurdert og vekta mot anna kunnskap og ulike omsyn. Kapittel 5 presenterer dei vurderingane som vil bli lagt til grunn ved handsaming av innspel til arealdelen. Krav til innspel og prosess for handsaming av innspel er omtalt i vedlegg 1.

## Kap. 6 Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsvurdering

Alle kommuneplanar skal jamfør plan- og bygningslova § 4-2 innehalde ei vurdering av planen sine konsekvensar for miljø og samfunn – konsekvensutgreiing. Planprogrammet til kommuneplanen skal innehalde ein presentasjon av kva tema som skal vurderast i konsekvensutgreiinga. Krav om risiko- og sårbarheitsvurdering kjem fram av plan- og bygningslova § 4-3, og er viktig for å sikre at tryggleiken er ivaretatt i planlegginga.

### **Kommunedirektøren sine vurderingar**

I prosessen med å utarbeide planprogrammet har det vore tre møter i politisk styringsgruppe. Tredje møte i politisk styringsgruppe vart gjennomført 25. mai 2022. I det møte vedtok styringsgruppa fleire prosessvedtak. Prosessvedtaka er i hovudsak innarbeida i utkast til planprogram, saman med andre endringar basert på kvalitetssikring i administrasjonen og andre innspel frå politisk styringsgruppe.

I dette saksframlegget gjer vi ei fagleg vurdering av nokre av endringane styringsgruppa gjorde i møte 25. mai. Vi tar for oss tema for tema på denne måten:

- Styringsgruppa sitt prosessvedtak 25. mai 2022
- Kommunedirektøren sin vurdering
- Kommunedirektøren sitt nye framlegg til vedtak (ikkje relevant for alle tema)

Kommunedirektøren sine nye framlegg til endringar er ikkje lagt inn i planprogrammet. Framlegg til endringar er summert opp i ein tabell mot slutten av den politiske saka og vert etter den politiske handsaminga oppdatert i tråd med vedtak i utval for areal, plan og miljø.

## **Kap. 2 Organisering og framdrift**

### Styringsgruppa sitt prosessvedtak 25. mai 2022

*Ber om en mer detaljert fremdriftsplan som viser hvordan vi kan nå 1.gangs handsaming innen sommer 2023.*

### Kommunedirektøren sin vurdering

Utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel er styrt av plan- og bygningslova. Før kommunesamanslåinga vart fire av dei seks kommuneplanane/kommunedelplanane i dei tre tidlegare kommunane rullert. Desse rulleringane vart gjennomført på relativt kort tid. Ved utarbeiding av den fyrste kommuneplanen sin arealdel for Alver er det behov for ein grundig prosess.

Kap. 4.5 i planprogrammet summerer opp dei utgreiingane som må gjennomførast i planarbeidet. Fleire av desse utgreiingane er nødvendige for å få godkjent planen, og for at kommuneplanen skal klare å følgje opp føringane som er lagt i samfunnsdelen. Oversikten viser ikkje arbeidet som må gjerast for å utarbeide plandokumenta (føresegner, plankart og planskildring), handsaming av innspel (grovsiling og konsekvensutgreiing) og medverknad. Til dømes er utforming av føresegnene ein stor jobb. I tillegg til å oppdatere føresegnene til gjeldande lovverk, må vi sjå på skilnader i krav og føringar i dei seks gjeldande kommunedelplanane, som grunnlag for dei nye føresegnene for kommuneplanen sin arealdel for Alver.

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel set store krav til kapasitet og ressursar i administrasjonen, samt behov for medverknad og prosess opp mot det politiske nivå.

Vedlagt til saka er ein detaljert framdriftsplan som viser utgreiingsbehov i planarbeidet, rekkefølge for gjennomføring og forventa tidsbruk. I tillegg er det lagt inn omtale av andre vurderingar og prosessar som må gjennomførast. Kommunedirektøren sin vurdering er at denne framdriftsplanen viser behovet for å halde på framdriftsplanen slik den er presentert i kap. 2, med forventa vedtak av kommuneplanen sin arealdel i juni 2024.

### **Kap. 4.1 Bustader og bumiljø med kvalitet**

#### Styringsgruppa sitt prosessvedtak 25. mai 2022

*Adm. må presisere kulepunkt 4 under bustader og bumiljø med kvalitet: Samanhengande gang- og sykkeltilbod*

(trygg ferdsel/trygg skuleveg).

#### Kommunedirektøren sin vurdering

Punktet er lista opp under kvalitetskrav til utbygging av nye, større bustadområder. I og med at lista er knytt opp til nye, større bustadområder, er det kommunedirektøren si vurdering at eit slikt krav er teneleg, for å sikre ein god kvalitet på den type utvikling. I planprogrammet er formuleringa justert ved at ordet «samanhengande» er tatt vekk.

#### **Kap. 4.2 Landbruk**

##### Styringsgruppa sitt prosessvedtak 25. mai 2022

*Punktet "Enklare å byggje hus nr. 2 og 3 så lenge det er meint å vere ein ressurs på garden" blir endra til "enklare å byggje hus 2 eller 3, samt moglegheit for å skilje det/dei frå så lenge det ikkje svekkar ressursen på garden".*

#### Kommunedirektøren sin vurdering

Prosessvedtaket er ei endring av vegvalg vedtatt i samfunnsdelen 19. mai 2022. Vedtatt samfunnsdel er ei føring for arealdelen, og kommunedirektøren meiner det er uheldig å endre vegvalet. Det er stor forskjell på å legge til rette for bygging av fleire hus på garden og det å legge til rette for frådeling.

#### Kommunedirektøren sitt nye framlegg til vedtak

Punktet vert endra til: *Enklare å byggje hus nr. 2 og 3 på garden, så lenge desse er meint å vera ein ressurs på garden.*

#### **Kap. 4.5 Samle tabell – Utgreiingsbehov i kommuneplanen sin arealdel**

##### Styringsgruppa sitt prosessvedtak 25. mai 2022

Punkt 2: Kartlegging av strandsona

- a. Grunnlag for fastsetting av byggegrens mot sjø i utbyggingsområder
- b. Vurdere tilgang for ålmenta til strandsona i ulike deler av kommunen (opning for aktivitet ved og i sjø)
- c. *Grunnlag for å utvide byggjegrensa utanfor eksisterande naust, slik at det kan opnast for opptrekk av båtar til nausta.*
- d. *Grunnlag for å opne for einskilt naust inntil eksisterande naustmiljø.*
- e. *Grunnlag for å byggje nye naust på tidlegare naustgrunnar.*

#### Kommunedirektøren sin vurdering

Oppstillinga i tabellen med utgreiingsbehov er kortfatta. Intensjonen er at detaljane knytt til kvart punkt vert fastsatt i planfasen. Utgreiinga av strandsona og resultatet av kva vi kan legge til rette for i planen må skje gjennom konkrete vurderingar av kvart enkelt område. Døme på vurderingar; omsynet til strandsonevernet, hindre nedbygging og privatisering av strandsona, ålmenta sine interesser, differensiering etter statlege planretningslinjer for forvaltning av strandsona, naturmangfald, grunnforhold på staden, avklaring om det kan leggest til rette for felles anlegg som t.d. båtopptrekk.

Nytt kulepunkt c er etter kommunedirektøren sin vurdering ei unødvendig presisering i planprogrammet, i og med at det ei ein vurdering som kan gjerast i planarbeidet sjølv om det ikkje er inkludert som eiga punkt.

Nytt kulepunkt d er ei vurdering som og kan gjerast i planarbeidet. I alternativ 2 til vedtak er det lagt inn forslag til omformulering av punktet. Det er og lagt inn forslag til omformulering i kap. 5.3 for å sikre ei opning for å



vurdere det (sjå omtale under).

Nytt kulepunkt e. Formuleringa av punktet i prosessvedtaket er i konflikt med føringar for strandsonerforvaltninga. Strandsonevernet er meir restriktivt no og det er ikkje automatikk i at det skal kunne reisas nye bygg på gamle tufter. Kulepunkt e er i tillegg potensielt svært arbeidskrevjande og omfattande, og vil kunne ha konsekvens for tids- og ressursbruk i planarbeidet. Av om lag 3050 naust totalt i Alver kommune, er det i underkant av 2400 naust som ikkje ligg innanfor andre typer bygg og anlegg (naustformål) eller LNF-spreidd naust.

Kommunedirektøren legg fram to alternativ til vedtak. Alternativ 1 er kommunedirektøren sitt primære ønske, å ta vekk dei tre nye underpunkta, med bakgrunn i at detaljane for utgreiingsbehova skal fastsetast i planfasen. Viss utvalet framleis vil halde på dei punkta som er lagt inn i prosessvedtaket, rår kommunedirektøren til at ordlyden må endrast. Framlegg til ny ordlyd er lagt inn i alternativ 2.

#### Kommunedirektøren sitt nye framlegg til vedtak

##### Alternativ 1

Punkt 2: Kartlegging av strandsona vert endra til:

- a. Grunnlag for fastsetting av byggegrense mot sjø i utbyggingsområder
- b. Vurdere tilgang for ålmenta til strandsona i ulike deler av kommunen (opning for aktivitet ved og i sjø)

##### Alternativ 2

Punkt 2: Kartlegging av strandsona vert endra til:

- a. Grunnlag for fastsetting av byggegrense mot sjø i utbyggingsområder
- b. Vurdere tilgang for ålmenta til strandsona i ulike deler av kommunen (opning for aktivitet ved og i sjø)
- c. Grunnlag for å utvide byggegrensa utanfor eksisterande område med arealføremål naust/LNF-spreidd naust, slik at det kan opnast for opptrekk av båtar til nausta
- d. Grunnlag for å opne for einskilt naust i eller i direkte tilknytning til eksisterande område med arealføremål naust/LNF-spreidd naust.
- e. Grunnlag for å byggje nye naust på tidlegare naustgrunnar i eksisterande område med arealføremål naust/LNF-spreidd naust.

#### **Kap. 5.2 Vi ønskjer særskilt innspel på**

##### Styringsgruppa sitt prosessvedtak 25. mai 2022

*Basert på samfunnsdelen til Alver kommune er det særskilt behov for innspel på følgjande tema:*

- *Areal som er aktuelle for etablering av mindre bueiningar (rekkehus, leiligheter og einebustader) i senter, bygder og grender*
- *Fellesareal i strandsona for fritid og rekreasjon*
- *Areal for mottak av masser for forbetring av landbruksjord*
- *Landbrukseigedomar med ønske om etablering av tilleggsnæring til landbruksdrifta*
- *Areal som har kvalitetar ein ønskjer å ta vare på; lokale møteplassar, grøntområder (som parkar, leikeareal, areal for fritid og rekreasjon)*
- *Nye og utviding av eksisterande næringsområde*
- *Utviding av og nye forretningsområde, offentlege og privat tenesteområde i bygdesentra*
- *Nye nausttomter i eksistrande naustområde*
- *Utviding av eksisterande bustadtomter*
- *Nye LNF -spreidd-område for bustader i bygder og grender*

### Kommunedirektøren sin vurdering

I prosessen med kommuneplanen sin arealdel er innspel til planarbeidet tradisjonelt innspel frå grunneigarar og næringsaktørar. Føremålet med kap. 5.1 var å løfte særskilte tema som vi ønskjer å få innspel på, tema som er viktige for å nå mål i samfunnsdelen, og tema knytt til fellesinteresser. Det var ikkje intensjonen at opplistinga skulle vere ei uttømmende liste over alle dei ulike tema som det er forventa at det vil kome innspel på til planarbeidet.

Med prosessvedtaket 25. mai er det lagt til mange fleire tema på lista. Tema som vi forventar at det vil kome innspel på, sjølv om tema ikkje er ein del av opplistinga. Ved å inkludere tema på lista skaper det ei forventning som det kan vere krevjande å oppfylle.

Konkret til nokre utvalde punkt. Tretopphytter har ikkje eit eiga arealføremål, men ligg under LNF-spreidd næring. Tretopphytter kan eventuelt takast inn som eit av fleire dømer i tilknytning til kulepunkt 4. Er lagt inn i alternativ 1.

Kulepunkt «Utviding av og nye forretningsområde, offentlege og privat tenesteområde i bygdesentra». Kommunedirektøren meiner det er uheldig å ta i bruk eit nytt omgrep, «bygdesentra». Viss opplistinga vert vedtatt tilrår kommunedirektøren at det vert endra til «bygder og grender».

Kommunedirektøren har to alternative framlegg til vedtak. Alternativ 1 er å endre tilbake til opplistinga i utkast til planprogram frå 25. mai. Alternativ 2 er å ta ut heile kapittel 5.2.

### Kommunedirektøren sitt nye framlegg til vedtak

#### Alternativ 1

- Areal som er aktuelle for etablering av mindre bueiningar (rekkehus, leiligheter) i sentera, bygder og grender
- Fellesareal i strandsona for fritid og rekreasjon
- Areal for mottak av masser for forbetring av landbruksjord
- Landbrukseigedomar med ønskje om etablering av tilleggsnæring til landbruksdrifta (gardsutsal, inn på tunet, tretopphytter m.m.)
- Areal som har kvalitetar ein ønskjer å ta vare på; lokale møteplassar, grøntområder (som parkar, leikeareal, areal for fritid og rekreasjon)

#### Alternativ 2

Ta ut kap. 5.2. Vi ønskjer særskilt innspel på.

### **Kap. 5.4 Vurdering av konkrete arealføremål**

#### Styringsgruppa sitt prosessvedtak 25. mai 2022

*Strandsona: Denne formuleringa vert fjerna : Det vert ikkje opna for innspel på enkelt naust.*

### Kommunedirektøren sin vurdering

Vurderinga av dette prosessvedtaket har kopling til vurderinga under prosessvedtak i kap. 4.5 tilleggspunkt under strandsona. Vurdering av enkeltnaust i planarbeidet vil vere ressurskrevjande (konsekvensutgreiing med vurdering av strandsoneverdiar) og vil kunne ha konsekvens for tids- og ressursbruk i planarbeidet. I tillegg er det i konflikt med føringar for strandsoneforvaltninga; til dømes vern av strandsona, utfordringar med tilkomst og tilrettegging av infrastruktur. Kommunedirektøren vurderer det som lite realistisk å få lagt inn enkeltnaust i

kommuneplanen sin arealdel.

Kommunedirektøren er positiv til å legge til rette for innspel på enkelt naust i eller inntil eksisterande område satt av til naustområde/LNF-spreidd naust. Ved å avgrense tema til større områder, kan ein sikre felles løysingar for infrastruktur og tilkomst, samt sikre at nedbygginga av strandsona vert redusert.

#### Kommunedirektøren sitt nye framlegg til vedtak

Legg inn i tabell under Strandsona: «Det vert opna for innspel på enkelt naust i eller i direkte tilknytning til eksisterande område med arealføremål naust/LNF-spreidd naust».

#### **Oppsummering av kommunedirektøren sine framlegg til vedtak**

Nr.	Kapittel	Kommunedirektøren sine framlegg til endringar
1	Kap. 4.2. Landbruk	Punktet vert endra til: <i>Enklare å byggje hus nr. 2 og 3 på garden, så lenge desse er meint å vera ein ressurs på garden.</i>
2	Kap. 4.5 Utgreiings- behov – Strandsona	<u>Alternativ 1</u>  Punkt 2: Kartlegging av strandsona vert endra til:  a. Grunnlag for fastsetting av byggegrense mot sjø i utbyggingsområder b. Vurdere tilgang for ålmenta til strandsona i ulike deler av kommunen (opning for aktivitet ved og i sjø)  <u>Alternativ 2</u>  Punkt 2: Kartlegging av strandsona vert endra til:  a. Grunnlag for fastsetting av byggegrense mot sjø i utbyggingsområder b. Vurdere tilgang for ålmenta til strandsona i ulike deler av kommunen (opning for aktivitet ved og i sjø) c. Grunnlag for å utvide byggegrensa utanfor eksisterande område med arealføremål naust/LNF-spreidd naust, slik at det kan opnast for opptrekk av båtar til nausta d. Grunnlag for å opne for enkelt naust i eller i direkte tilknytning til eksisterande område med arealføremål naust/LNF-spreidd naust. e. Grunnlag for å byggje nye naust på tidlegare naustgrunnar i eksisterande område med arealføremål naust/LNF-spreidd naust.
3	Kap. 5.2 Vi ønskjer særskilt innspel på	<u>Alternativ 1</u>  · Areal som er aktuelle for etablering av mindre bueiningar (rekkehus, leiligheter) i sentera, bygder og grender · Fellesareal i strandsona for fritid og rekreasjon · Areal for mottak av masser for forbetring av landbruksjord · Landbrukseigedomar med ønskje om etablering av tilleggsnæring til landbruksdrifta (gardsutsal, inn på tunet, tretopphytter m.m.) · Areal som har kvalitetar ein ønskjer å ta vare på; lokale møteplassar,  · grøntområder (som parkar, leikeareal, areal for fritid og rekreasjon)

		<p><u>Alternativ 2</u></p> <p>Ta ut heile kap. 5.1. Vi ønskjer særskilt innspel på.</p>
4	Kap. 5.4 Vurdering av konkrete arealføremål	Legg inn i tabell under Strandsona: «Det vert opna for innspel på einskilt naust i eller i direkte tilknytning til eksisterande område med arealføremål naust/LNF-spreidd naust».

**Vedlegg i saken:**

08.06.2022	Planprogram_Kommuneplanen sin arealdel Alver_Framlegg til 1 gangs handsaming_070622	1751274
08.06.2022	Notat om framdrift_KPA Alver_070522	1751270
08.06.2022	Framlegg til framdriftsplan for KPA Alver_070522	1751406
08.06.2022	Politisk styringsgruppe_Møteprotokoll_250522_prosessvedtak	1751272
08.06.2022	Kommuneplanen-sin-samfunnsdel-2022-2034	1751273

**Arkiv:** <arkivID><jpid> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 29.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/22	Utval for helse og omsorg	06.09.2022

### **Meldingar til utval for helse og omsorg**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for helse og omsorg.

#### **Saksopplysningar:**

Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar i møte 06.09.2022:

- Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift – status v/Eva Mikkelsen-prosjektleiar
- Busetting flyktningar – status v/Arngunna Haga-avdelingsleiar NAV
- Gjennomgang sjukefråver i helse- og omsorgssektoren